



Direktoratet for  
økonomistyring

# ÅRSRAPPORT

---

2016

Copyright © 2017 by  
Direktoratet for økonomistyring (DFØ)  
All Rights Reserved

Spørsmål om utgivinga kan rettas til:

**Direktoratet for økonomistyring (DFØ)**

Postboks 7154 St. Olavs plass  
0130 Oslo

Nett: [www.dfo.no](http://www.dfo.no)

Tlf.: 400 07 997

E-post: [postmottak@dfo.no](mailto:postmottak@dfo.no)

Materialet er verna etter åndsverklova, men kan fritt brukas etter avtale med Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

Illustrasjonsfoto: Ingram Image og NTB Scanpix

v1.1 – 2017-05-26

# INNHALD

<b>Del 1: Fråsegn frå leiaren</b> .....	4
<b>Del 2: Introduksjon til verksemda og hovudtal</b> .....	8
2.1 Samfunnsoppdraget til DFØ.....	10
2.2 Organisasjon og leiing.....	11
2.3 Utvalde hovudtal.....	13
<b>Del 3: Aktivitetar og resultat</b> .....	14
3.1 Delmål 1: Kompetanseoverføringa til DFØ representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.....	16
3.1.1 Regelverksforvaltinga og kompetansetenestene.....	16
3.1.2 Nye oppgåver som er delegerte frå departementet.....	20
3.1.3 Enkeltoppdrag frå departementet.....	21
3.1.4 Tilleggsoppdrag til tildelingsbrevet.....	25
3.1.5 Ressursbruk for regelverksforvaltinga og kompetansetenestene.....	26
3.1.6 Vurdering av DFØ sitt bidrag til effektar for delmål 1.....	27
3.2 Delmål 2: Fellestenestene til DFØ er korrekte, rettidige og nyttige.....	28
3.2.1 Lønns- og rekneskapstenestene.....	28
3.2.2 Utviklingstiltak for lønns- og rekneskapstenestene.....	32
3.2.3 Ressursbruk for lønns- og rekneskapstenestene.....	35
3.2.4 Vurdering av DFØ sitt bidrag til effektar for delmål 2, lønns- og rekneskapstenestene.....	35
3.2.5 Konsernsystema.....	36
3.2.6 Enkeltoppdrag frå departementet.....	39
3.2.7 Ressursbruk for konsernsystema.....	41
3.2.8 Vurdering av DFØ sitt bidrag til effektar for delmål 2: Konsernsystem.....	42
3.3 Delmål 3: Tenestene til DFØ gir synergjar og stordriftsfordelar.....	42
3.3.1 DFØ har standardiserte leveransar.....	43
3.3.2 Einingskostnadene til DFØ er på nivå med eller lågare enn samanliknbare verksemdar.....	43
3.3.3 DFØ har store volumer.....	45
3.3.4 Kundane tek i bruk dei digitaliserte løysingane til DFØ.....	46
3.3.5 Enkeltoppdrag frå departementet.....	47
3.3.6 Ressursbruk 2016.....	47
3.3.7 Vurdering av DFØ sitt bidrag til effektar for delmål 3.....	52
<b>Del 4: Styring og kontroll i verksemda</b> .....	54
4.1 Risikovurdering og internkontroll.....	56
4.2 Digitalisering og forenkling.....	57
4.3 Omstilling.....	58
4.4 Bemanning og personalforvaltning.....	58
<b>Del 5: Vurdering av framtidsutsikter</b> .....	62
<b>Del 6: Årsrekneskap</b> .....	66



# DEL 1: FRÅSEGN FRÅ LEIAREN

---



Direktoratet for økonomistyring (DFØ) har levert tenester, gjennomført oppdrag og i all hovudsak nådd måla som Finansdepartementet sette i tildelingsbrevet for 2016. Omstillingsarbeidet for å effektivisere lønns- og rekneskapstenestene tok til i 2014 og er no så å seie avslutta, og dei planlagde gevinstane er realiserte. Vi er òg godt i gang med ei ny omstilling i samband med at vi fekk overført 53 medarbeidarar og lønns- og rekneskapsoppgåvene frå Servicesenteret til departementa (DSS ) 1. juli. Erfaringa og kunnskapen vår frå fleire år med omstilling har mykje å seie for at dette arbeidet blir gjennomført på ein god måte.

Vi har levert lønns- og rekneskapstenester med god kvalitet. Fleire har valt å bruke oss som leverandør, og vi leverer òg fleire tenester enn før. Kundar og brukarar er jamt over nøgde, men vi erfarer samtidig at det er behov for auka kundedialog og meir brukarretta tenester. Vi arbeider kontinuerleg for å forbetre tenestene våre og utvikle effektive løysingar. I 2016 har vi greidd ut og testa robotisert prosessautomatisering, og DFØ-appen er utvida med ny funksjonalitet. Vi har òg lansert eit nytt og intuitivt økonomistyringsverktøy som kundane har teke svært godt imot. Den interne drifta på lønns- og rekneskapsområdet er effektivisert i tråd med omstillinga, og resultatane vi har oppnådd, er som venta.

DFØ fekk i 2016 delegert nye forvaltingsoppgåver innanfor etatsstyring og utgreiingsinstruksen. Ambisjonen vår for dei nye oppgåvene er å byggje opp solide fagområde over tid. Vi har i år prioritert å gjennomføre ei rekkje kompetansetiltak og gitt fagleg støtte til brukarane. Vi har òg brukt ressursar på å støtte utviklinga av styringsdialogen mellom departement og underliggjande verksemder. Vi opplever stor pågang og interesse frå brukarane, og vi har inntrykk av at DFØ har markert seg som ein viktig støttespelar på desse fagområda.

Rolla vår som pådrivar for samarbeid i staten er viktig. Dei nye delegerte forvaltingsoppgåvene og faglege grenseflater mot Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) krev både samordning og godt samarbeid. Dette året har vi hatt eit spennande samarbeidsoppdrag med Difi på område som samordning og gevinstrealisering. Vi deltek òg i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt program for betre styring og leiing, der vi mellom anna har prøvd ut nye formidlingsformer for å auke kompetansen om og betre styringspraksisen i forvaltninga. Det er eit ressurskrevjande tiltak som skal evaluerast med tanke på eit mogleg framtidig tilbod til beste for heile forvaltninga.

Vi fekk tildelt mange enkeltoppdrag knytte til forvaltingsområdet i 2016. Oppdraga spenner over mange fagområde som krev spesialkompetanse. Vi har mellom anna gått gjennom og greidd ut forhold innanfor økonomiregelverket og internrevisjonen og analysert innhaldet i Evalueringsportalen. Vidare har vi gjort ei rekkje utrekningar i samband med ei eventuell innføring av periodisert rekneskap i staten. Det er viktige bidrag som har mykje å seie for det vidare utviklingsarbeidet for å oppnå god styring i staten. Samtidig har enkeltoppdraga i tildelingsbrevet bunde opp ressursane til DFØ i stor grad. Handlingsrommet for andre utviklingsoppgåver har vore tilsvarande redusert. Som følgje av det har mellom anna rådgiving, gjennomføring av tilstandsanalysar og utvikling av meir



framtidretta kompetansenester fått lågare prioritet i 2016. Likevel oppnår vi positive resultat og får gode tilbakemeldingar frå brukarane.

DFØ har hatt ei samla tildeling på 419 millionar kroner. Rekneskapen for 2016 viser eit mindreforbruk på 23 millionar kroner. Ressursane er fordelte med om lag 65 prosent til lønns- og rekneskapstenestene og 10 prosent til forvaltning og analyse. Rundt 25 prosent går til stabs- og fellesfunksjonar. Om lag to tredjedelar av dei totale midlane i DFØ blir brukte til arbeidskraft, og éin tredjedel går til systeminvesteringar, applikasjonsforvaltning og husleige.

DFØ har vore gjennom fleire krevjande år med omstilling og effektivisering, og vi har fått tilført nye oppgåver som følgje av endringar i statsforvaltninga. I 2016 har vi teke eit godt steg vidare og styrkt arbeidet med tenesteutvikling og utgreiing av ny teknologi. Vi har òg fått breiare innsikt i kva behov kundane har og korleis dei oppfatar tenesteleveransane våre. Det gir eit godt utgangspunkt for DFØ sitt vidare arbeid med å tilby formålstenlege fellesløyisingar og leggje til rette for god styring i staten.

Oslo, 13. mars 2017

Roger Bjerke  
Fungerende direktør



# DEL 2: INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

---





## 2.1 SAMFUNNSOPPDRAGET TIL DFØ

DFØ er staten sitt ekspertorgan for økonomi- og verksemdsstyring i staten og er underlagt Finansdepartementet. Med utgangspunkt i reglement for økonomistyring i staten og føresegner om økonomistyring i staten skal DFØ leggje til rette for god styring og sørge for ei heilskapleg tilnærming på området. Effektiv ressursbruk i staten er visjonen til DFØ.

Dei to overordna måla er:

- formålstenlege fellesløyser i staten
- god styring i statlege verksemder

DFØ skal:

- forvalte økonomiregelverket i staten og i tillegg vurdere og eventuelt foreslå endringar for Finansdepartementet, slik at regelverket er oppdatert og relevant
- forvalte og formidle kunnskap om korleis verksemdene skal rette seg etter økonomiregelverket i staten
- gi statlege verksemder eit godt tilbod om kompetansebygging og erfaringsoverføring på ansvarsområdet til direktoratet
- forvalte konsernsystema for statsrekneskapen og den statlege konsernkontoordninga
- levere fellestenester på økonomiområdet som gir synergjar og stordriftsfordelar for staten
- vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløyser opp mot behovet for spesialtilpassa løysingar for statlege enkeltverksemder eller grupper av verksemder
- gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for å utvikle statleg styring

I tillegg fekk DFØ to nye oppgåver i 2016:

Finansdepartementet delegerte ansvaret for forvaltinga av føresegnene om etatsstyring som går fram av økonomiregelverket, til DFØ med verknad frå 1. januar 2016. Forvaltingsansvaret for etatsstyringsområdet inneber ein særleg tett fagleg dialog med Finansdepartementet når det gjeld forståinga av løyvingreglementet til Stortinget, utvikling av rettleiingsmateriell og oppdrag frå departementa.

DFØ overtok det operative forvaltingsansvaret for ny instruks om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruksen) frå 1. mars 2016. Ansvaret går mellom anna ut på å tolke instruksen og informere og rettleie om han. I tillegg skal DFØ vurdere om det er behov for vidareutvikling, og gi råd til Finansdepartementet om endringar i instruksen. DFØ har dialog med Justisdepartementet, som har ansvar for å rettleie om føresegnene som gjeld lov og forskrifter (kap. 4), og med Utanriksdepartementet, som har

ansvar for å rettleie om arbeidet med EØS- og Schengen-saker (kap. 5).

DFØ samarbeider med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) om fagområda styring, leing og organisering. Eigardepartementa til direktorata koordinerer og samordnar styringssignala i samband med desse områda. DFØ deltek òg i nettverk med dei nordiske søsterverksemdene om mellom anna styring, rekneskap, statleg betalingsformidling, statsrekneskapsforvaltning og lønns- og rekneskapstenester.

## 2.2

# ORGANISASJON OG LEING

Ved utgangen av 2016 har DFØ til saman 425 tilsette fordelt på 351 årsverk. På oppdrag frå Finansdepartementet har DFØ gjennomført ei stor omstilling, og kontorstadene er no reduserte frå åtte til fire. Direktoratet har no kontorstader i Oslo, Stavanger, Trondheim og Hamar. Tenestene som i dag blir leverte frå Hamar, blir gradvis flytta over til Trondheim fram til kontorstaden blir lagd ned i april 2017.

Frå 1. juli 2016 overtok DFØ ansvaret for dei lønns- og rekneskapstenestene Service- og tryggingssorganisasjonen til departementa (DSS) yter overfor departementa. Dette kom som eit tillegg til tildelingsbrevet i 2016. 53 medarbeidarar blei overførte til DFØ og skal arbeide i Oslo fram til 1. januar 2018. Deretter skal tenestene leverast frå DFØ sine kontorstader i Stavanger og Trondheim.


1. februar 2017 overtok Roger Bjerke stillinga som fungerande direktør etter Øystein Børmer. Bjerke har hatt stillinga som avdelingsdirektør for forvaltings- og analyseavdelinga sidan mars 2012.

I leiargruppa sit avdelingsdirektørane Gøril Aune (rekneskapsavdelinga), Rune Bjerås (strategi- og fellestenesteavdelinga), Ruth Høyland Jønsrud (kommunikasjonseininga), Wibecke Høgsveen (fungerande avdelingsdirektør for forvaltings- og analyseavdelinga) og Bjørn Sæstad (lønnsavdelinga).

Organisasjonskartet til DFØ per 31. desember 2016<sup>1</sup> er gjengitt på neste side.

1 1. februar 2017 blei det oppretta ein ny seksjon for tid og reise i lønnsavdelinga.

2.  
INTRODUKSJON  
TIL VERKSEMDA OG  
HOVUDTALL



## 2.3

# UTVALDE HOVUDTAL

DFØ er eit bruttobudsjettet statleg forvaltingsorgan. Rekneskapen skal først etter periodiseringsprinsippet i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane. Rapportering til statsrekneskapen skjer etter kontantprinsippet.

Tabellen nedanfor viser utvalde tal frå årsrekneskapen 2012–2016:

	2012	2013	2014	2015	2016
Årsverk	323	323	336	346	351
Samla tildeling post 01-99, millionar kroner	406	409	401	373	419
Utnyttingsgrad post 01-29, prosent	96	95	97	96	97
Driftskostnader, millionar kroner	419	448	460	455	474
Lønnsdel av driftskostnader, prosent	57	55	58	62	60
Lønnskostnader, i tusen kroner per årsverk <sup>2</sup>	744	767	792	809	813
Konsulentandel av driftskostnader, prosent	10,8	12,2	8,7	6,6	7,5

<sup>2</sup> Lønnskostnader består av lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar minus refusjonar frå Nav.



# DEL 3: AKTIVITETAR OG RESULTAT

---



Det overordna målet til DFØ er konkretisert i tre delmål. Dei to første delmåla er knytte til kvalitet og brukareffektar, mens det siste delmålet er ein samfunnseffekt av tenestene våre.

## **3.1**

### **DELMÅL 1:**

## **KOMPETANSEOVERFØRINGA TIL DFØ REPRESENTERER BESTE PRAKSIS INNANFOR STYRING OG SAMFUNNSØKONOMISK ANALYSE**

### **3.1.1 REGELVERKSFORVALTINGA OG KOMPETANSETENESTENE**

Finansdepartementet har delegert forvaltinga av økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen til DFØ. Det inneber å tolke regelverket, svare på spørsmål, behandle søknader om unntak frå økonomiregelverket og levere kompetansetenester.

For å forvalte regelverka slik DFØ skal, leverer vi ei rekkje kompetansetenester innanfor etatsstyring og verksemdsstyring, rekneskap og økonomistyring, tilskot, utgreiingar og samfunnsøkonomiske analysar. Tenestene skal bidra til at statlege verksemder og departement kan etterleve økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen på best mogleg måte. Tenestene skal òg bidra til at medarbeidarar og leiarar aukar kompetansen sin på dette området.

Kompetansetenestene våre blir leverte gjennom fleire kanalar, mellom anna kurs, nettverksmøte, workshopar, seminar, konferansar og foredrag. Det har vore ein jamn deltakarauke samanlikna med tidlegare år. Enkelte arrangement blir òg strøymde, noko som bidreg til at kompetanseformidlinga vår er tilgjengeleg for eit endå breiare publikum.

Vi bidreg òg med kompetanseoverføring gjennom rådgiving. Det har vore færre slike oppdrag i 2016 enn året før. Ein av grunnane til det er at DFØ har gitt støtte til styringsdialogen mellom tre departement og verksemder (sjå nærare omtale i kapittel 3.1.3 om tiltak i program for betre styring og leiging i staten 2015–2018).



Vidare har vi gitt ut ei sjekklister til bruk ved avslutting av statlege verksemder. I samarbeid med Difi har vi òg gitt ut eit rettleiingsnotat om departementa si styring av samarbeidsoppgåver som blir gitt til underliggjande verksemder (sjå nærmare omtale i kapittel 3.1.3 om tiltak i program for betre styring og leiing i staten 2015–2018).

Dette året har vi prioritert å arbeide med kompetansenester knytte til utgreiingsinstruksen og etatsstyring. Det blir omtalt nærmare i kapittel 3.1.3 om kompetansetiltak for utgreiingsinstruksen og kapittel 3.1.2 om nye oppgåver som er delegerte frå departementet.

I 2016 utarbeidde vi ein plan for vidareutvikling av økonomiregelverket. Planen har blitt følgd opp med fleire ulike rundskriv, mellom anna om budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder frå 2017.

Tabellen nedanfor viser resultat for styringsparametrar under delmål 1:

<b>Styringsparametrar 2016</b>	<b>Resultatkrav</b>	<b>Resultat</b>
Brukaranes vurdering av om DFØ bidreg til god styring i statlege verksemder	Minst som tidlegare år	Innfridd
Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine kompetansetiltak innanføre styring og samfunnsøkonomisk analyse	Minst som tidlegare år	Innfridd
Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine tenester innanføre regelverksforvaltning	Minst som tidlegare år	Innfridd


## **Brukaranes vurdering av om DFØ bidreg til god styring i statlege verksemder**

Vel 75 prosent av respondentane i brukarundersøkinga til DFØ meiner at DFØ bidreg positivt til god styring i statlege verksemder. Dette inntrykket blei stadfesta då vi gjennomførte semistrukturerte intervju i fire ulike fokusgrupper hausten 2016. Deltakarane gav uttrykk for at DFØ sikrar god regelverksforvaltning, god regelverksutvikling og god rekneskapskikk, og i tillegg roste dei DFØ for gode analysar, verktøy og metodar.

DFØ har i 2016 gjennomført ei rekkje tiltak for å få betre innsikt i kva behov brukarane har, og i kva effekt kompetansenestene våre har innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.

Resultata frå brukarundersøkinga viser at statstilsette som nyttar kompetansenestene til DFØ, er nøgde, og ikkje minst stadfestar dei at tenestene har effekt i form av auka kompetanse og nytteverdi. Brukarane er meir nøgde i 2016 enn i 2015.


### 3. AKTIVITETAR OG RESULTAT



Sommaren 2016 gjennomførte vi djupneintervju med brukarane om handboka for samfunnsøkonomiske analysar. Hovudinntrykket er at handboka er godt brukt og godt likt. Brukarane opplever at ho bidreg til å styrkje posisjonen til samfunnsøkonomiske analysar, og dei fleste respondentane fortalde at dei bruker handboka aktivt når dei jobbar med samfunnsøkonomiske analysar. Dei bruker henne som oppslagsverk og fagleg referansepunkt. Respondentane meiner at handboka er eit pedagogisk strukturert oppslagsverk, eit ryddig og oversiktleg hjelpeverktøy som i stor grad bidreg til fleire og betre samfunnsøkonomiske analysar.

#### **Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine kompetansetiltak innanføre styring og samfunnsøkonomisk analyse**

Resultata frå brukarundersøkinga viser at brukarane er svært nøgde med kompetansetenestene våre innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.



Når det gjeld kurs, seminar og nettverk og dessutan rettleiingsmateriell, ser vi at brukarane har blitt mykje meir nøgde. Det kan komme av at vi i 2016 tilbydde korte kurs og seminar, noko som gjer at det er lettare for brukarane å setje av tid til å delta. Dei fleste seminarane er òg blitt meir tilgjengelege fordi vi har strøymt dei, og dermed aukar òg fleksibiliteten. Vi har endra nettsidene og gjort rettleiingsmaterialet meir tilgjengeleg. Rettleiingsmaterialet for mellom anna netto meirverdiavgift, internrevisjon, tilskot, rekneskap, årsrapport og utgreiingsinstruksen er òg oppdatert og utvikla. Når det gjeld rådgivingstenester, ser vi at brukarane er litt mindre nøgde. Det kan komme av at vi ikkje har hatt kapasitet til å gi verksemdstilpassa rådgiving.

Det er ei utfordring at den generelle kursverksemda krev bruk av mykje ressursar, samtidig som vi ser at effektane på styringspraksisen i departementa og verksemdene er usikker. Vi erfarer at ei meir langsiktig og forpliktande tilnærming er nødvendig for å oppnå varig organisatorisk endring. Det inneber mellom anna leiarforankring, kopling til reelle utviklingsprosessar hos partane, modningstid og involvering av eigne fagmiljø som har reell påverknadskraft. Dei tiltaka vi prøver ut i arbeidet med program for betre styring og leiing i staten, bidreg til å dekkje desse behova, samtidig som vi får praktisk erfaring som vi kan bruke for å gjere det generelle kompetansetilbodet vårt endå meir relevant for brukarane. Sjå omtale i kapittel 3.1.3 om tiltak i program for betre styring og leiing i staten 2015–2018.

Hausten 2016 gjorde vi ein omfattande gjennomgang av kompetansetenestene på forvaltings- og analyseområdet og kartla korleis brukarane opplever desse tenestene. Vi gjennomførte kartlegginga ved å bruke ulike metodar i eit tenestedesignperspektiv. Prosjektet har gitt verdifull innsikt i korleis vi kan utvikle kompetansetenester og leggje til rette for betre læringsutbytte for brukarane. Hovudfunna er at brukarane opplever kompetansetenestene som bra, men at det òg er nokre utfordringar. DFØ har valt å prioritere fire område som vi skal jobbe vidare med:

- Brukarane har behov for ei meir oppgåvefokuseret og praktisk tilnærming.
- Brukarane har behov for at DFØ legg til rette for auka erfaringsdeling mellom verksemdene.
- Brukarane har behov for kompetansetenester for leiarar.
- Brukarane har behov for mest mogleg brukarvennleg og tilpassa innhald og format.

### **Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine tenester innanføre regelverksforvaltning**

I brukarundersøkinga meiner 84 prosent av respondentane at DFØ har tilfredsstillande tenester innanfor økonomiregelverksforvaltninga. Det er det same resultatet som i 2015. Brukarane opplever jamt over at DFØ har ein tydeleg bodskap om kva som er god praksis for statleg styring, og dei opplever at DFØ formidlar krav og intensjonar i økonomiregelverket på ein tydeleg måte.

### **3.1.2 NYE OPPGÅVER SOM ER DELEGERTE FRÅ DEPARTEMENTET**

#### **Etatsstyring**

Ansvar for å forvalte føresegnene om etatsstyring som går fram av økonomiregelverket, blei delegert til DFØ frå 1. januar 2016. Ambisjonen vår er å byggje opp eit solid fagområde over tid. I 2016 etablerte vi ei nettside og gjennomførte fleire kompetansetiltak, mellom anna dialogmøte, seminar, kurs og nettverk. DFØ-oppgavet med å støtte utviklinga av styringsdialogen mellom departement og underliggjande verksemdar er ein del av det samla kompetansetilbodet vårt innanfor etatsstyring. Vi utøver forvaltingsansvaret for etatsstyringa i tett fagleg dialog med Finansdepartementet.

#### **Utgreiingsinstruks**

Frå 1. mars 2016 overtok DFØ det operative forvaltingsansvaret for ny instruks om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruks). Forvaltingsansvaret inneber ei rekkje oppgåver knytte til kompetansebygging i statlege verksemdar, utviklingsarbeid og tolking av instruks. Prinsipielle spørsmål er det Finansdepartementet som avgjer. Vi legg ned ein stor innsats for å byggje og halde ved like kapasitet og kompetanse på dette fagområdet. I 2016 gav vi ut ei handbok til utgreiingsinstruks, utarbeidde hjelpeverktøy og e-læringskurs og etablerte eit innføringskurs. Sjå nærmare omtale i kapittel 2.1 om samfunnsoppdraget til DFØ og kapittel 3.1.3 om kompetansetiltak for utgreiingsinstruks.

### 3.1.3 ENKELTOPPDRAG FRÅ DEPARTEMENTET

Vi har orientert departementet om at handlingsrommet på forvaltingsområdet i stor grad er bunde opp av driftsoppgåver og utviklingsoppdrag som blir gitt i tildelingsbrevet. I 2016 blei rundt tre fjerdedelar av dei samla utviklingsressursane på området brukte til å svare på slike oppdrag. Eit større handlingsrom ville ha opna for å prioritere fleire tilstandsanalysar på fagområda våre og for å gjennomføre det igangsette arbeidet for ei raskare utvikling av nye og meir framtidretta former for kompetansetenester.

I 2016 fekk vi til saman tolv enkeltoppdrag på dette fagområdet. Alle oppdraga i 2016 er gjennomførte og leverte i tråd med resultatkrava:

#### **Tiltak i program for betre leiing og styring i staten 2015–2018**

I 2016 har vi gjennomført to hovudtiltak innanfor dette oppdraget:

***DFØ skal halde fram med å støtte utviklinga av styringsdialogen mellom departementa og dei underliggjande verksemdene.***

Sidan 2015 har vi gitt støtte til tre utvalde enkeltkonstellasjonar av departement og verksemdar. Formålet er å gi auka kompetanse og betre styringspraksis hos samarbeidspartnarane. Tiltaket er ressurskrevjande, og reelle endringar er avhengige av partanes eigenart, formelle rammer, rom for tilpassing, endringsvilje og endringsevne. I praksis vil slike endringar ta tid, så effektane av innsatsen vil vere langsiktige. Denne formidlingsforma skil seg frå éin-til-mange-kompetanseoverføringa vår og er under utprøving. Tiltaket skal evaluerast i 2017.

Gjennom året har vi òg vidareutvikla det generelle kompetansetilbodet vårt på området. Mellom anna er kurs, seminar og nettverk utvida med temaet etatsstyring, og vi har òg gjennomført fleire rådgivingsoppdrag om styringsdialogen.

***DFØ skal i samarbeid med Difi kartleggje erfaringar med departementa si styring av samarbeidsoppgåver som er gitt til underliggjande verksemdar. Kartlegginga skal sjåast i samanheng med relevant arbeid innanfor styring og samordning og skal danne eit kunnskapsgrunnlag for læring og forbetring av god praksis. Oppdraget blir konkretisert i eit prosjektmandat som skal leggjast fram for FIN.***

Godt samarbeid i statsforvaltinga er viktig for å oppnå effektiv ressursbruk. I program for betre styring og leiing i staten viser ein til at samordningsutfordringane i statlege verksemdar aukar og utfordrar tradisjonelle sektorgrenser. Gjennom eit omfattande kartleggingsarbeid i fleire departement har vi i samarbeid med Difi definert kva som kjenneteiknar god samordning i styring av samarbeidsoppgåver som blir gitt til underliggjande verksemdar. På bakgrunn

av dette har vi utarbeidd seks praktiske råd til leiarar og tilsette som har ansvar for etatsstyring og samordning i departementa. Det er òg utarbeidd eit rettleiingsnotat som er tilgjengeleg på nettsidene våre. I den vidare oppfølginga vil vi arbeide for at råda blir tekne i bruk, og at samordninga i forvaltninga blir betre.

### Statlege verksemders vurdering av behov for internrevisjon

*Oppsummere resultatet av kravet i rundskriv R-117 om at statlege verksemdar med samla utgifter eller samla inntekter over 300 millionar kroner skal vurdere bruken av internrevisjon. Rapport skal sendast til FIN.*

Finansdepartementet har gjennom rundskrivet om internrevisjon i statlege verksemdar fastsett retningslinjer og krav der formålet er å etablere meir føreseielege rammer og auka bruk av internrevisjon. Basert på korleis verksemdene vurderer sitt eige behov for internrevisjon, har DFØ oppsummert resultatet av kravet for verksemdar med samla utgifter eller inntekter over 300 millionar kroner. Gjennomgangen viser at formålet med reguleringa i stor grad er nådd. Oppsummeringa viser òg at om lag 63 prosent av verksemdene har nytta DFØ sine rettleiingar om bruk av internrevisjon. I tillegg har vi vurdert om det er behov for å endre regelverket om internrevisjon i staten, og gitt forslag til oppdatert rundskriv. Etter at reguleringa blei innført, har vi inntrykk av at det er blitt større forståing av kva internrevisjon er, og kva meirverdi ein slik funksjon kan gi i statsforvaltninga. Innhaldet i vurderingane frå verksemdene, inntrykk frå kurs og nettverk, bruk av rettleiingar og spørsmål til DFØ støttar denne vurderinga.

DFØ har òg bidrege i Difi / Statens innkjøpssenter sitt arbeid med å etablere ein fellesavtale for internrevisjonsstøtte i statleg sektor. Vi har lagt særleg vekt på å sikre at den nye avtalen harmonerer med økonomiregelverket, inklusive rundskriv R-117. Vi ventar at ein konkurranse knytt til denne avtalen blir kunnngjord våren 2017.

### Årleg gjennomgang av økonomiregelverket

*DFØ skal utarbeide ein årleg rapport til departementet om eiga forvaltning av økonomiregelverket, jf. brev frå departementet av 31.10.2014. Rapporten skal òg peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som har komme fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2014.*

DFØ utarbeider kvart år ein rapport om forvaltninga av økonomiregelverket. Formålet er å gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere forvaltninga vår. Forvaltingsoppgåvene går i hovudsak ut på å ta stilling til spørsmål om korleis ein skal forstå og tolke økonomiregelverket, behandle unntakssøknader, vidareutvikle og foreslå endringar i regelverket, utarbeide rettleiingar og halde kurs for statlege verksemdar. Rapporten inneheld òg ei oversikt over prioriteringar for den vidare regelverksforvaltninga. Dei årlege rapportane blir gjorde tilgjengelege på nettsidene våre.

Statistikken vår viser at det er fleire statlege verksemder som les rapportane.

## Analyse av rapportane frå Riksrevisjonen

I 2016 har vi gjennomført to hovudtiltak innanfor dette oppdraget:

***DFØ skal utarbeide ein metodikk for å analysere Riksrevisjonen sine rapportar om rekneskapsrevisjon. Metodikken skal gi eit grunnlag for å vurdere behov for vidareutvikling av økonomiregelverket i staten.***

DFØ har utarbeidd ein framgangsmåte for å skissere kva for fasar og oppgåver som må gjennomførast for å vurdere om innhaldet i Riksrevisjonen sine funn i rapportar om rekneskapsrevisjon gir grunnlag for å vidareutvikle økonomiregelverket. Metodikken blei lagd fram for departementet i juni 2016. Han danna grunnlaget for å utarbeide analysen som er omtalt nedanfor:

***DFØ skal utarbeide ein analyse for å finne ut om Riksrevisjonen sine funn i rapportar om rekneskapsrevisjon for rekneskapsåret 2014 bør føre til endringar i utforminga av økonomiregelverket i staten, jf. brev frå departementet 31.10.2014.***

DFØ har gjennomført ein analyse av Riksrevisjonens Dokument 1 til Stortinget for budsjettåret 2014. I alt 30 av 227 verksemder fekk vesentlege merknader. Som ledd i utprøvinga av den nye metodikken har vi i tillegg vurdert innhaldet i korrespondansen mellom Riksrevisjonen og verksemdene som fekk vesentlege merknader. Analysen viser at det er stor variasjon i kva som fører til vesentlege merknader. Det er likevel enkelte fellestrekk, mellom anna svake punkt i informasjonstryggleiken, sporbarheit i rekneskapane og kontroll og oppfølging av tilskots- og stønadsforvaltninga. I departementa blei det avdekt svake sider ved kontroll og oppfølging av underliggjande verksemder.

Analysen har gitt oss nyttig informasjon og eit grunnlag for å tilpasse og styrkje kompetansenestene våre ytterlegare, både på regelverks- og rekneskapsområdet. Ei eventuell nærmare utgreiing av tilstanden på informasjonstryggleiksområdet sett på bakgrunn av krava i økonomiregelverket kan òg bidra til å vidareutvikle kompetansetilbodet vårt. Gjennomgangen gir ikkje grunnlag for å endre regelverket for etatsstyring. utfordringane på dette området knyter seg i hovudsak til praktiseringa. Denne kunnskapen er nyttig for å hjelpe departementa med å definere klarare korleis dei skal vareta det overordna ansvaret for underliggjande verksemder.

## Publisering av tolkingsutsegner til økonomiregelverket

***DFØ skal gjere direktoratet sine tolkingsutsegner til økonomiregelverket tilgjengelege for brukarane på ein enkel og oversiktleig måte.***

DFØ gir kvart år skriftlege svar på mange spørsmål frå brukarar om korleis ein skal forstå krava i økonomiregelverket. Det er eit mål at departement og underliggjande verksemder som er omfatta av økonomiregelverket, skal ha tilgang til

tolkingsutsegnene på ein enkel og oversiktleg måte. Det inneber krav til mellom anna kanalval, funksjonalitet og struktur. I 2016 har vi gått gjennom historisk materiale frå perioden 2004–2015 og gjennomført eit omfattande sorteringsarbeid. Til saman har vi svart på 1900 spørsmål i denne perioden, og 710 av desse handlar om standard kontoplan og dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Om lag 90 er definerte som tolkingsutsegner, og 53 av desse er kategoriserte i sju ulike grupper. Materialet blir publisert i februar 2017.

Også fleire av unntakssøknadene som DFØ har behandla, inneheld tolkingar av økonomiregelverket. I forlenginga av arbeidet tek vi sikte på å publisere alle dei innsende unntakssøknadene og svara, fordelt på tenestene «Ord og begreper» og «Ofte stilte spørsmål».

Ei løysing med enkel tilgang og klar struktur for svara på spørsmåla gir òg gevinstar for regelverksforvaltninga til DFØ. Vi vil mellom anna bruke kortare tid på å finne igjen tidlegare saker, og det vil bli auka sikring av kvalitet og konsistens over tid.

### Oppfølging av utgreiinga til Børmer-utvalet

*DFØ skal etter nærmare avtale støtte departementet i oppfølginga av utgreiinga til Børmer-utvalet.*

På bakgrunn av tilrådingar i Børmer-utvalet sin rapport «Bedre beslutningsgrunnlag, bedre styring» (NOU: 2015:14) fekk DFØ i oppdrag å berekne kostnader i samband med ei eventuell innføring av obligatorisk periodisering i staten. Vi har mellom anna vurdert ulike innføringsløp, løysingsutvikling og behov for innføringsstøtte og opplæring. Finansdepartementet ønskte ikkje å innføre obligatorisk periodisering no. DFØ har fått i oppdrag å arbeide med tiltak for forenkling, effektivisering og publisering for å auka nytten og redusere kostnadene knytte til periodisering og bruk av dei statlege rekneskapsstandardane i verksemdene. Ei ny vurdering skal gjerast innan tre år når forenklingstiltak er gjennomførte.

### Analyse av innhaldet i Evalueringsportalen

*DFØ skal utarbeide ein analyse av innhaldet i Evalueringsportalen og mellom anna beskrive hovudtrekk ved evalueringane som ligg i portalen (t.d. type evaluering, innretning, formål/bruk til styring), vurdere korleis innhaldet i portalen blir utnytta i dag, og foreslå korleis det eventuelt kan utnyttast betre.*

Evalueringsportalen inneheld evalueringar som er gjorde på oppdrag frå departement og andre statlege verksemdar. Det er DFØ som forvaltar portalen, som er open for alle. Ved å gjere portalen meir tilgjengeleg skal ein bidra til auka bruk og gjenbruk av kunnskap og resultat frå evalueringar som er gjennomførte i staten. I 2016 har vi gjennomført ein analyse for å få meir kunnskap om kva evalueringane har hatt å seie for styringa i verksemdene. Vi har òg analysert samanhengen mellom krava i økonomiregelverket, fagrolla vår på evalueringsområdet og behova til målgruppene. Analysen stadfestar at brukarane vurderer evalueringar som relevante og nyttige, men at oppfølginga og bruken av kunnskapen



bør bli betre. På bakgrunn av dette har vi identifisert fleire tiltak, mellom anna for å utvikle betre systematikk. Det skal bidra til å auke forståinga av formålet med evalueringar, etablere rutinar for korleis oppfølging skal skje, og konkretisere korleis evalueringar kan brukast i samspel med andre styringsverkemiddel. I tillegg skal vi vurdere alternative løysingar for tydelegare kategorisering i databasen, utarbeide ei enkel og praksisretta rettleiing og etablere eit oppfølgingssystem for å skaffe oversikt over korleis databasen blir brukt. I dialog med Finansdepartementet vil DFØ òg utgreie det vidare formålet med og funksjonen til Evalueringsportalen og vurdere om det er mogleg å styrkje evalueringsbodskapen i økonomiregelverket. Desse tiltaka skal gjennomførast i 2017.

Vi erfarer at brukarane i departement og verksemdar er godt motiverte og interesserte i å samarbeide med DFØ om å få innarbeidd betre rutinar og prosessar for å bruke evaluering i styringa.

## Kompetansetiltak for utgreiingsinstruksen

*DFØ skal i samarbeid med Difi vurdere forslag til oppfølging av Difi sitt notat av 14.9.2015 om kompetansetiltak knytte til ny utgreiingsinstruks. Dei to direktorata samarbeider deretter om å gjennomføre tiltaka dei er blitt einige om.*

Samtidig som DFØ fekk delegert ansvaret for å forvalte utgreiingsinstruksen, lanserte vi ei ny handbok som skal gi auka forståing av krava i instruksen. Handboka skal gi hjelp både til leiarar som er ansvarlege for å greie ut om statlege tiltak, og til dei som skal gjennomføre utgreiingane. Vi har utvikla eit verktøy der brukarane får hjelp til å finne rett nivå for utgreiing, og eit e-læringskurs om forenkla analyse. I tillegg har vi etablert eit innføringskurs, og vi svarer på spørsmål om korleis ein skal forstå og tolke utgreiingsinstruksen. Det har vore stor pågang og interesse frå brukarane. Slik vi vurderer det, har DFØ gjennom desse aktivitetane etablert seg som ein tydeleg aktør på dette fagområdet.

### 3.1.4 TILLEGGSOPPDRAG TIL TILDELINGSBREVET

Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet samordnar styringssignal som gjeld samarbeid mellom DFØ og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). I september 2016 fekk vi følgjande felles tilleggsoppdrag frå departementa:

#### Tiltak for gevinstrealisering

*DFØ og Difi skal utforme tiltak som kan gi meir og betre realisering av gevinstar ved statlege effektiviseringstiltak. Tiltaka skal utformast slik at dei gjeld alle typar effektiviseringstiltak. Forslaga kan omfatte både DFØs og Difis porteføljar og tiltaka til andre relevante aktørar. Digitaliseringsprosjekt kan gjerne brukast som døme. Fristen er 15. desember 2016, jf. oppdragsbeskrivinga.*

DFØ har leidd ei arbeidsgruppe med deltakarar frå begge verksemdene. I arbeidet har vi lagt særleg vekt på å avdekkje dei reelle behova til interessentane. Ansvar, målgrupper og utfordringar knytte til gevinstrealisering er forskjel-

lige. Det er likevel nokre fellestrekk ved behovet for å tydeleggjere omgrep og auke kompetansen innanfor fagområdet. På bakgrunn av funna har vi utforma 18 ulike tiltak fordelte på verksemdsnivå, i etatsstyringa og i situasjonar der gevinstrealisering skal skje i ei anna eller i fleire ulike verksemdar. Tiltaka omfattar mellom anna utforming av sjekklister, rutinar og handbøker, rådgiving, leiarstøtte, eigenevalueringar og temamøte. DFØ vil følgje opp tiltak i eiga verksemd i løpet av første halvår 2017.

### Benchmarking i staten – forprosjekt

*DFØ og Difi skal bidra i eit forprosjekt for å greie ut og tilrå ei løysing for benchmarking av administrative kostnader i statlege verksemdar. Forprosjektet skal eventuelt følgjast av eit hovudprosjekt for implementering av den valde løysinga. Arbeidet skal oppsummerast i ein rapport. Frist hausten 2016, jf. oppdragsbeskrivinga.*

Ifølgje den andre rapporten frå produktivitetskommissjonen (NOU 2016:3) er det eit stort potensial for auka effektivitet i offentleg sektor. Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppretta derfor ei prosjektgruppe for å greie ut ei løysing for benchmarking av administrative kostnader i statlege verksemdar. DFØ og Difi har delteke i prosjektgruppa, som blei leidd av Finansdepartementet. I forprosjektet er det mellom anna greidd ut moglege løysingskonsept. Forseinkingar førte til at DFØ fekk utsett fristen med å levere bidraget i prosjektet til februar 2017.

### 3.1.5 RESSURSBRUK FOR REGELVERKS- FORVALTINGA OG KOMPETANSETENESTENE

DFØ brukte 35 millionar kroner på kompetansetenester i 2016. 90 prosent var lønnskostnader.

Konsulentdelen aukar i 2016 fordi vi har brukt konsulentar til å vurdere innhaldet i Evalueringsportalen og til å kartleggje korleis brukarane opplever kompetansetenestene.

Lønnskostnadene per årsverk går noko ned i 2016. Det kan i hovudsak forkla- rast med at vi i 2016 hadde to masterstudentar i mellombelse stillingar – på eit lågare lønnsnivå enn andre tilsette.

Kompetansetenesta har, saman med konsernsystema, den høgaste år- sverkskostnaden i DFØ. Det kjem av at eigenarten til tenesteområdet krev medarbeidarar med lengre erfaring og høgare kompetanse enn dei andre tenesteområda i DFØ.

Tabellen nedanfor viser utvalde nøkkeltal for regelverksforvaltinga og kompetansetenestene:<sup>3,4</sup>

<b>Regelverksforvaltninga og kompetansenestene</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Årsverk	29	32
Driftskostnader (i 1000 kr)	32 708	35 311
Lønnsdel av driftskostnader	91 %	90 %
Konsulendel av driftskostnader	2 %	5 %
Reisekostnad per årsverk (i 1000 kr)	7	9
Lønnskostnad per årsverk (i 1000 kr)	1 015	994
Driftskostnader per årsverk (i 1000 kr)	1 118	1 105

### 3.1.6 VURDERING AV DFØ SITT BIDRAG TIL EFFEK- TAR FOR DELMÅL 1

Vi ser tydelege effektar av endringar som er gjorde i regelverka dei seinare åra, til dømes standardisering av årsrapportar og årsrekneskapar og krav om å vurdere internrevisjon for enkelte statlege verksemdar. DFØ forvaltar både økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen og har derfor høve til å foreslå endringar i begge regelverka. Vi vurderer fortløpande og gir råd til Finansdepartementet om kva for ei samansetjing av endringar i regelverk og/eller endringar i porteføljen av kompetansetiltak som er mest formålstenleg for å oppnå dei ønskete brukareffektane i statsforvaltninga.

DFØ prioriterer å gi råd og rettleiing om verksemdene si tilpassing til felles krav til budsjettering, rekneskap og betalingsformidling. Vi har i stor grad prioritert rådgiving og presentasjonar overfor store og komplekse statlege verksemdar. Vi vel òg rådgivingsoppdrag som opnar for gjenbruk av erfaringane i andre samanhengar. I nokre tilfelle vel vi å tilby kurs for enkeltverksemdar som har mange interesserte deltakarar. Eit viktig kriterium er at vi i størst mogleg grad gir hjelp til sjølvhjelp. Erfaringa vår er at denne éin-til-mange-forma for kompetanseformidling og fagleg støtte bidreg til at flest mogleg får auka kompetansen sin. Vi har òg gode erfaringar med at kortare arrangement gjer at fleire nyttar seg av kompetansetilbodet vårt. Tilbakemeldingar viser at brukarane opplever at tenestene våre gir praktisk nytte og hjelp i styringa.

DFØ har i 2016 bidrege til regjeringa si satsing på ein enklare kvardag for folk flest gjennom program for betre styring og leiing. I samarbeid med Finansdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Difi har DFØ vore ein nøkkelaktør for å realisere programmet. DFØ deltek òg i programmet sitt tilbod for toppleiargrupper i staten. Vi samhandlar med andre aktørar, noko som illustrerer at DFØ i stor grad er avhengig av andre for å nå måla om brukareffektar og samfunnseffektar. Effektane vi håper å oppnå, er ikkje minst avhengige av kor godt departementa og verksemdene lykkast i eiga styring. Styringa er i stor grad definert av prosessen for statsbudsjettet og økonomisk-administrative regelverk som verksemdene må innrette seg etter.

3 Forvaltings- og analyseavdelinga blei omorganisert frå 1. januar 2015.

Tal for 2014 er dermed ikkje med i oppstillinga

4 Inklusive administrasjon av forvaltings- og analyseavdelinga

## 3.2 DELMÅL 2: FELLESTENESTENE TIL DFØ ER KORREKTE, RETTIDIGE OG NYTTIGE

### 3.2.1 LØNNS- OG REKNESKAPSTENESTENE

DFØ leverer fellestenester innanfor lønns- og personaladministrasjon og rekneskap. Systemløysingane våre tilfredsstillar krava i statlege regelverk. På begge tenesteområda kan kundane velje mellom ein modell der DFØ utfører dei fleste oppgåvene, eller ein modell der dei sjølve tek ansvar for mange av oppgåvene. 1. juli 2016 overtok vi lønns- og rekneskapsproduksjonen frå Service- og tryggingorganisasjonen til departementa (DSS). Dei gjeldande avtalane er vidareførte og inneber at departementsfellesskapet får ein utvida fullservicemodell.

På lønnsområdet tilbyr vi tenester innanfor mellom anna lønnskøyring, reiserekningar, tidssystem, offentleg rapportering, refusjonshandtering og sjølvbeteningsløysingar. På rekneskapsområdet leverer vi rekneskapstenester som er tilpassa statlege verksemder. I tillegg tilbyr vi mellom anna integrerte tenester innanfor elektronisk fakturabehandling, innkjøpsløysingar og budsjettmodular.

For at kundane skal få mest mogleg utbytte av tenestene våre, held vi ei rekkje praktiske kurs i korleis løysingane skal brukast. I 2016 har vi prioritert å utvikle eit opplæringsløp for kundar som er i opptaksprosessen, og vi har gitt fleire kurs på rekneskapsområdet. Sjå òg nærmare omtale i dette kapittelet, «Brukarane er nøgde med DFØ sitt kurstilbod innanfor økonomitenestene». Vi har òg vidareført og gjennomført fleire utviklingstiltak knytte til teknologiutnytting og betre styringsinformasjon. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.2.2, «Utviklingstiltak for lønns- og rekneskapstenestene».

Lønns- og rekneskapstenestene til DFØ skal ha høg kvalitet, og kundane skal vere nøgde. Samtidig må vi vege omsynet til stordriftsfordelar opp mot dei individuelle behova til kundane og valfridommen deira når det gjeld å nytte tenestene. Omsynet til staten sitt samla behov for effektiv ressursbruk veg tyngst. Kundane skal òg kunne supplere tenestene våre med tenester frå andre der dei har behov for det.

Etter ei omfattande omstilling dei siste tre åra gjennomførte vi i år ei fokusgruppeundersøking for å få meir kunnskap om korleis kundane oppfattar lønns- og rekneskapsleveransane våre og service- og kompetansenivået vårt. Resultata viser at kundane gjennomgåande er nøgde med tenestene. Samtidig ønskjer dei eit meir kunderetta tenestetilbod og meir kundedialog. Noko av dette har vi alt følgd opp gjennom planlegginga av betre meldingssystem og tidleg involvering og kartlegging av tenestebehovet i verksemder med turnus-

ordning. Sjå elles omtalen i kapittel 3.2.2., «Betre datautveksling hos verksemdar med turnusordning». Kundevurderingane er òg omtalte i den følgjande rapporteringa for styringsparametrane.

DFØ har gjennomgåande god måloppnåing samanlikna med resultatkrava.

Tabellen nedanfor viser resultat for styringsparametrar under delmål 2 for lønns- og rekneskapstenestene:

<b>Styringsparametere 2016</b>	<b>Resultatkrav</b>	<b>Resultat</b>
Prosentdel rett lønn til rett tid	100 prosent	100 prosent
Prosentdel korrekt innrapporterte rekneskapar frå DFØ-kundar til statsrekneskapen innan fristen	100 prosent	100 prosent
DFØ er den føretrekte leverandøren av lønns- og rekneskapstenester	Potensielle kunder vel DFØ. Ingen oppseiingar	Innfridd
Brukarane er nøgde med DFØ sitt kurstilbod innanfor økonomitenestene	Minst som tidlegare år	Innfridd
Prosentdel respondentar som meiner at lønnsstenestene til DFØ er nyttige	Minst som tidlegare år	Ikkje innfridd <sup>5</sup>
Prosentdel respondentar som meiner at rekneskapstenestene til DFØ er nyttige	Minst som tidlegare år	Innfridd
Prosentdel respondentar som er nøgde med DFØ sitt tilbod av rapportar om styringsinformasjon	Minst som tidlegare år	Innfridd

5 9,4 prosentpoeng færre har svart positivt på om lønnsstenestene til DFØ er nyttige. Men ser vi på kundane si vurdering på ein skala frå 1 til 6, har den gjennomsnittlege skåren halde seg stabil.

### Prosentdel rett lønn til rett tid

Prosentdel rett lønn utbetalt innan fristen har vore 100 prosent gjennom heile året. Resultatkravet er dermed

### Prosentdel korrekt innrapporterte rekneskapar frå DFØ-kundar til statsrekneskapen innan fristen

Prosentdel innrapporteringar til statsrekneskapen har vore 100 prosent gjennom heile året. Resultatkravet er dermed oppfylt.

### DFØ er den føretrekte leverandøren av lønns- og rekneskapstenester

DFØ arbeider systematisk med å auke kundemassen. Vi har god dialog med statlege verksemder som ikkje er kundar frå før, og som vurderer å byte leverandør av lønns- og rekneskapstenester. Det har gitt gode resultat. Eit jamt tilsig av nye kundar, kombinert med at ingen kundar har valt oss bort, gir eit klart inntrykk av at DFØ er den føretrekte leverandøren av lønns- og rekneskapstenester.

Hausten 2016 gjennomførte vi ei kvalitativ undersøking med fire fokusgrupper som representerte fagbrukarar og leiarar på lønns- og rekneskapsområdet, og ei gruppe med nye kundar. I desse gruppene kom det fram at kundane har ei sterk tilslutning til grunnideen om statlege fellesløysingar, og dei uttrykkjer lojalitet til DFØ sitt samfunnsoppdrag om å levere formålstenlege fellestenester som gir stordriftsfordelar for staten. Kundane uttrykte at dei ønskjer å bidra til effektivisering av staten gjennom å velje felles løysingar som DFØ tilbyr.

Sitater fra deltakere i fokusgruppeundersøkelsen:

«Eg ønskjer å vere svært rosande. Vi som er ei lita verksemd, er svært takknemlege for at det er noko som heiter DFØ. Vi slepp å ha mange folk på lønn og rekneskap.»

«Eg kunne ikkje tenkje meg å gå ut av DFØ, for det er mykje bra.»

«DFØ oppdaterer systemet, så slepp vi å tenkje på at no er det komme eit nytt reiseregulativ, eller no er det nye reglar.»

«Veldig greitt at det er nokon andre som har systemansvar og driv systemutvikling.»

«Det er stordriftsfordelar, og vi ser ei utvikling, til dømes med appen.»

Kundane formidlar at det samla sett er mykje som fungerer godt, samtidig som dei peiker på forbetningsområde. Forbetningsområda handlar i stor grad om eit ønske om meir involvering i tenesteutviklinga og betre kommunikasjon. Totalinntrykket er at kundane føretrekkjer DFØ som lønns- og rekneskapsleverandør.

## **Brukarane er nøgde med DFØ sitt kurstilbod innanfor økonomitenestene**

Vi måler jamleg om kundane er nøgde med kurstilbodet vårt, og vi er glade for at dei gir oss gjennomgåande gode tilbakemeldingar. Kurstilbodet for økonomitenestene er utvikla på grunnlag av etterspørselen, aktiviteten på kundesentera og dei faglege vurderingane våre.

I 2016 deltok 425 personar på kurs på rekneskapsområdet. På ein skala frå 1 til 5 gav deltakarane ein gjennomsnittleg skår på 4,4. På lønnsområdet var det til saman 1300 deltakarar på kursa våre, og også her viser evalueringane ein gjennomsnittsskår på 4,4. Vi vurderer det som eit godt resultat.

I 2016 har vi utvikla og gjennomført eit opplæringsløp for kundar som er i opptaksprosess. Det består av ein kombinasjon av kurs, skulder-til-skulder-opplæring, presentasjonar for dei tilsette i verksemda, gruppeopplæring hos kundane og opplæring via Skype. Vi har i tillegg produsert ei rekkje korte opplæringsfilmar som er publiserte på nettet.

## **Prosentdel respondentar som meiner at lønns- og rekneskapstenestene til DFØ er nyttige**

Svara i kunde- og brukarundersøkinga viser at kundane stort sett opplever DFØs lønnsstenester som nyttige. På ein skala frå 1 til 6 oppnår vi ein gjennomsnittleg skår på 4,5. Det er ein nedgang på 0,1 frå 2015. 69,2 prosent av respondentane har svart ein av dei tre høgaste svarkategoriene, mot 78,5 prosent i 2015.

Kunde- og brukarundersøkinga viser òg at kundane opplever rekneskapstenestene til DFØ som nyttige. På ein skala frå 1 til 6 oppnår vi ein gjennomsnittleg skår på 4,6, uendra frå 2015. 68,2 prosent av respondentane har svart ein av dei tre høgaste svarkategoriene, mot 73,3 prosent i 2015.

Den svake nedgangen i korleis kundane opplever nytteverdien til lønns- og rekneskapstenestene, kan komme av høge forventingar og av at ønsket om fleire tenester ikkje blir innfridd. Då vi gjennomførte kvalitative undersøkingar i fokusgrupper, fortalde kundane at dei opplever at DFØ-tenestene har stor nytteverdi, men at dei òg har høge forventingar som DFØ ikkje alltid innfrir. Dei små kundane seier at dei ikkje ville klart seg utan DFØ. Kundar som sjølv har valt DFØ, ser i større grad nytteverdien av tenestene våre enn kundar som er pålagde å nytte DFØ.

Den største opplevde nytteverdien ligg i at vi sørgjer for at systema fungerer og er oppgraderte, og at vi ser til at statlege regelverk blir følgde. I tillegg til betre kundedialog og kompetanse meiner kundane at utviklinga av nye tenester har skote fart etter omstillinga av tenesteområdet, og dei rosar utviklinga av DFØ-appen og det nye rapporteringsverktøyet Økonomiinfo.

Utfordringane er i stor grad knytte til at DFØ er ferdig med omstillinga. Kundane har vore tolmodige, og no ventar dei seg ein høg servicegrad. Dei ønskjer betre responstid og enklare kanalar inn til DFØ. Dei ønskjer seg òg fleire funksjonar i den elektroniske løysinga for honorarmottakarar. Dette er kjende problemstillingar, og DFØ har sett i gang tiltak.

### Prosentdel respondentar som er nøgde med DFØ sitt tilbud av rapportar om styringsinformasjon

Svara i kunde- og brukarundersøkinga viser at kundane forventar meir av rapporteringstilbodet til DFØ. På spørsmål om det er enkelt å hente ut relevant styringsinformasjon, gir kundane ein gjennomsnittsskår på 3,4 på ein skala frå 1 til 6. Respondentane i fokusgruppene hausten 2016 stadfestar inntrykket; dei ønskjer eit betre tilbod og meir støtte til å gå gjennom rapportane frå oss. Dei som har sett eller begynt å bruke DFØ sitt nye rapporteringsverktøy Økonomiinfo, er meir nøgde. Fleire respondentar fortel at dei tidlegare har utvikla eigne rapporteringsløysingar, men at dei skal over på Økonomiinfo.

*«Økonomiinfo er sånn at dersom du forstår forskjellen på pluss og minus, og forskjellen på raudt, gult og grønt, så forstår du dette systemet.»*

*«IT-avdelinga hos oss har utvikla eit datavarehus og laga standardrapportar for oss. Framover skal vi bruke Økonomiinfo, og det ser veldig lovande ut.»*

*«Det er vanskeleg å lese noko ut av rapportane, og økonomifolka våre må bruke mykje tid på å gå gjennom rapportane før styret kan lese ut nokon av dei relevante signala dei treng. Eg veit ikkje om tanken er at vi skulle gjere veldig mykje sjølv, eller om rapportar skulle vere ein del av leveransen.»*

Sjå òg omtale av rapporteringsverktøyet i kapittel 3.2.2, «Nytt økonomistyringsverktøy – Økonomiinfo».

### 3.2.2 UTVIKLINGSTILTAK FOR LØNNS- OG REKNESKAPSTENESTENE

DFØ sine utviklingstiltak på lønns- og rekneskapsområdet blir prioriterte på bakgrunn av verksemdsstrategien vår og hovudmåla «formålstenlege fellesløysingar i staten» og «god styring i statlege verksemder». Tiltaka fordeler seg dermed i to hovudkategoriar:

- Utnytte teknologi for å vidareutvikle DFØ sine lønns- og rekneskapstenester til statlege verksemder, særleg for å få brukarvennlege sjølvbeteningsløysingar, automatisere datafangst og effektivisere prosessar for å behandle data.
- Bidra til betre styring i staten gjennom å leggje til rette for best mogleg utnytting av tilgjengeleg styringsinformasjon for den enkelte verksemda og for heile staten.



Tiltaka skal sikre eit solid nok og tidsriktig tenestetilbod innanfor dei tenestemråda og måla vi har i dag. Samtidig skal tiltaka bidra til auka bruk av elektronisk samhandling, effektiv datafangst og redusert bruk av manuelle arbeidsprosessar.

## Ny funksjonalitet i DFØ-appen

DFØ lanserte i 2015 ein app som tilbyr funksjonaliteten frå sjølvbeteningsportalen vår på mobiltelefon. I år har vi utvida appen med ny funksjonalitet for reiserekning, utgiftsrefusjon, reisesøknad og utbetalingar (lønns- og reiseslippar). Leiarar kan no godkjenne/avvise reiserekningar, utgiftsrefusjonar, reisesøknader, fråværsøknader og overtid.

Vi er òg i gang med å utvide appen ytterlegare med auka funksjonalitet, og vi arbeider med å finne ei løysing med same funksjonalitet for nettbrett og PC. Ny funksjonalitet i appen vil mellom anna vere vedlikehald av eigne data / den personleg profilen, registrering av ekstra skattetrekk og registrering av variable tillegg / andre utbetalingar. Bruk av appen vil ha størst effekt for sluttbrukaren. Vidare vil honorarmottakarar få ei ny løysing med same funksjonalitet som sjølvbeteningsportalen vår. Mobilløysinga blir dermed tilgjengeleg for honorarmottakarar òg, noko som svarer til 100 000 potensielle brukarar. Ved utgangen av året hadde DFØ-appen 29 585 unike brukarar.

## Nye elektroniske skjema

Elektroniske skjema er ei brukarvennleg løysing både for lønnsmedarbeidarar og sluttbrukarar hos kundane våre. I år har vi utvikla eit nytt skjema for å søkje om overføring av overtids-/reisetidstimar til fleksitidssaldo eller til utbetaling. Vi har òg begynt arbeidet med å utvikle eit nytt skjema for tilsetjing og det å komme tilbake i jobb. Å vidareutvikle e-skjemaløysinga er eit viktig tiltak for å maksimere gevinstane av investeringar. Ved utgangen av året bruker 141 verksemder e-skjemaløysinga for tilsette. Talet på verksemder som har teke i bruk sjølvbeteningsportalen for honorarmottakarar, har auka frå 74 til 132.

## Betre datautveksling hos verksemder med turnusordning

DFØ leverer data til Altinn på vegner av kundane (A-melding). Hos kundar med eksternt tidssystem og turnusordning representerer enkelte kombinasjonar av fråvær og permisjon ei feilkjelde når det gjeld datakvalitet til statistikkformål. Som ein del av arbeidet med å kartleggje tenestebehov hos kundane har vi avdekt felles behov i desse verksemdene. Vidare har vi utgreidd alternative løysingar for datafangst som forbetrar datakvaliteten og reduserer behovet for manuell feilretting. Utviklingsarbeidet blir vidareført i 2017.

## Elektroniske lønsslippar og trekklistar i Altinn

Fram til våren 2016 blei lønsslippar og trekklistar til kundar og brukarar som ikkje nyttar sjølvbeteningsløysingane til DFØ, distribuerte gjennom posten. Det gjaldt òg lønns- og reiseslippar til tilsette som ikkje bruker portalen. Som ein del av tilpassinga til digitalt førsteval i staten har vi utvikla ei løysing der distribusjon til desse brukarane no skjer via meldingstenesta til Altinn.

## Ny metode knytt til SRS-budsjettering og rekneskapsoppfølging

Vi ferdigstilte ein metode for økonomioppfølging etter SRS på verksemds- og budsjetteringsnivå sommaren 2016. Metoden består av prosessbeskrivingar og systemstøtte og gir tilrådingar til korleis verksemdar kan innrette den interne budsjetteringa og økonomioppfølginga etter dei same prinsippa som den periodiserte rekneskapsprinsippa, samtidig som dei rettar seg etter Stortingets kontantløysing. Effekten av å ta metoden i bruk kan målast over tid og knytast til opplevd nytte og auka kunnskap om korleis to ulike rekneskapsprinsipp kan følgjast opp. Metoden vil vere svært sentral dersom det blir innført obligatorisk periodisering i staten i framtida. Tre verksemdar tek metoden i bruk i 2017 og vil gi DFØ nyttige tilbakemeldingar og høve til å lære.

## Nytt økonomistyringsverktøy – Økonomiinfo

Våren 2016 lanserte vi eit nytt økonomistyringsverktøy: Økonomiinfo. Dette verktøyet gjer styringsinformasjon frå rekneskapsprinsipp tilgjengeleg på ein enkel og intuitiv måte og har blitt svært godt motteke, jf. omtale i kapittel 3.2.1, «Prosentdel respondentar som er nøgde med DFØ sitt tilbod av rapportar om styringsinformasjon». Ved utgangen av året har 22 statlege verksemdar teke verktøyet i bruk. Vi har òg begynt arbeidet med å utvide verktøyet med ny funksjonalitet knytt til prognosar, og med fleksibelt opningsbilete som gjer brukar-tilpassinga enklare.

## Robotisert prosessautomatisering (RPA) av avstemming

Innanfor rekneskapsområdet har ein tradisjonelt brukt mykje tid og ressursar på å løyse regelbaserte og manuelle oppgåver, ofte på tvers av fleire system. Ein virtuell medarbeidar kan overta desse oppgåvene, og då frigir ein tid til andre verdiskapande aktivitetar. Slike løysingar er eit alternativ til dømes til tenesteutsetjing. Dei kan takast i bruk raskare og er billegare og meir fleksible. I 2016 greidde vi ut om noko slikt var mogleg, og vi gjennomførte eit forprosjekt for slik automatisering av avstemming. Fleire positive effektar er venta, mellom anna redusert ressursbruk, betre kvalitet, likebehandling av kundar, sikrere lagring av dokumentasjon og auka kapasitet.

### 3.2.3 RESSURSBRUK FOR LØNNS- OG REKNESKAPSTENESTENE

DFØ bruker kvart år i underkant av 300 millionar kroner på lønns- og rekneskapstenestene.

I 2015 gjekk talet på årsverk opp som følge av behovet for overlappende bemanning i omstillingsperioden for å sikre tenesteleveransen. Gevinsten frå denne omstillinga er teken ut, og isolert sett har det gitt reduksjon i årsverk frå 2016. Når talet på årsverk likevel aukar, kjem det av overføringa av tilsette og oppgåver frå DSS i tillegg til auka kundemasse og fleire oppgåver.

Reisekostnadene har gått ned i perioden. Ein av dei planlagde effektiviseringsgevinstane som følge av omstillinga i 2014–2015 var lågare reisekostnader på grunn av mindre behov for å reise mellom kontor. Nedgangen frå 2015 kan delvis tilskrivas nettopføringsordninga (8 prosent mva. på reiser). Sjølv etter at ein har justert for dette, går reisekostnaden ned frå 2015.

Tabellen nedanfor viser utvalde nøkkeltal for lønns- og rekneskapstenestene:

<b>Lønns- og rekneskapstenestene</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Årsverk	251	260	262
Driftskostnader (i 1000 kr)	294 992	287 958	288 813
Lønnsdel av driftskostnader	60 %	66 %	67 %
Konsulentdel av driftskostnader	10 %	8 %	8 %
Reisekostnad per årsverk (i 1000 kr)	31	27	26
Lønnskostnad per årsverk (i 1000 kr)	741	753	743
Driftskostnader per årsverk (i 1000 kr)	1 175	1 108	1 102

### 3.2.4 VURDERING AV DFØ SITT BIDRAG TIL EFFEKTAR FOR DELMÅL 2, LØNNS- OG REKNESKAPSTENESTENE

DFØ forvaltar og driftar ein stadig større systemportefølje. På lønnsområdet inngjekk vi i 2016 ein ny og betre avtale med driftsleverandøren vår. Som følge av strengare oppetidskrav, betre økonomiske vilkår og strenge krav til tryggleik og lagring har vi lagt eit endå betre grunnlag for korrekte og rettidige lønnsleveransar. Vi la til rette heile den tekniske løysinga for å verne om dei særskilde endringane i lønnsoppgjeringa i 2016. Lønnsoppgjeringa blei effektivt gjennomført ved at DFØ leverte korrekte lønnsstenester til rett tid for ein stor prosentdel av statsforvaltninga. Vi har òg inngått ein ny og forbetra avtale med driftsleverandøren av økonomisystemet. Ved å ta i bruk fleire modular kan vi no tilby fleire nyttige rekneskapstenester til kundane. Det bidreg mellom anna til at kundane får betre oversikt og dermed auka kvalitet i økonomistyringa si.

Organisasjonsendringar i statsforvaltninga og internt i fleire statlege verksemder inneber at vi har brukt mykje ressursar på dette. DFØ har dei siste åra opparbeidd seg god erfaring og kompetanse for å gjennomføre slike endringsprosessar. Vi sikrar korrekte kundedata i systema våre og reduserer dermed risikoen for feil og meirarbeid. Vi legg òg til rette for erfaringsdeling mellom verksemdene.

DFØ har gjennom fleire år kontinuerleg utvikla og fremja auka bruk av elektroniske skjema på lønnsområdet. Det har gitt eit godt grunnlag for verksemdene til å effektivisere administrative funksjonar. Det er likevel krevjande for kunden å hente ut desse gevinstane. Mellom anna er det nødvendig med prosessendringar internt hos kunden, og det krev ressursar i innføringsløpet og vilje til å ta i bruk elektroniske skjema. Vi erfarer at kundane har behov for støtte frå oss i implementeringsfasen, derfor har vi prioritert å bruke ressursar på det. Det er likevel kundane som har ansvar for å realisere gevinstane.

Vi har auka innsatsen og kapasiteten vår på å utvikle meir brukarvennlege og effektive tenester. På nokre område har vi i større grad enn tidlegare involvert kundane i ein tidleg fase i tenesteutviklinga. Vi har inntrykk av at det har bidrege til å møte behova til kundane på ein betre måte, og at det har forbetra kundedi-alogen. I 2016 har vi òg utvida DFØ-appen med meir funksjonalitet. Effekten ligg i all hovudsak hos sluttbrukaren, som kan bruke mindre tid på administrative oppgåver. I tillegg oppnår verksemdene kvalitetseffektar ved at mellom anna enklare registrering bidreg til meir pålitelege data, og at raskare registrering av reiserekningar gir meir oppdaterte rekneskapar.

I 2016 er tilgangen til styringsinformasjon forbetra gjennom eit nyutvikla økonomistyringsverktøy, Økonomiinfo, som kombinerer lønns- og rekneskapsinformasjon. Effekten er størst i økonomifunksjonen til verksemdene, og leiarane får enklare tilgang til data og kan dermed redusere tidsbruken sin.

DFØ har samarbeidd med Finansdepartementet og Statens pensjonskasse for å leggje til rette for innføringa av ny pensjonsordning for statlege verksemder. Vi har bidrege til korrekt rekneskapsføring av pensjonsutgifter og gjort innføringa meir effektiv og straumlinjeforma for statlege verksemder.

### 3.2.5 KONSERNSYSTEMA

DFØ forvaltar og vidareutviklar dei obligatoriske ordningane for statsrekneska-pen og statens konsernkontoordning. Vi inngår og forvaltar òg rammeavtalar med private bankar om betalings- og kontohaldstenester for statlege verksemder, og vi forvaltar konsernkontostrukturen i Noregs Bank. Sjå òg omtale av arbeidet med dette fagområdet under enkeltoppdraga i dette kapittelet.

Tabellen viser resultat for styringsparametrar under delmål 2 for konsernsystema:

<b>Styringsparametrar 2016</b>	<b>Resultatkrav</b>	<b>Resultat</b>
Brukaranes tilfredsheit med løysinga for rapportering til statsrekneskapen, inklusive løysing og rådgiving	Minst som tidlegare år	Innfridd
Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine tenester innanfor betalingsformidling, inklusive statens konsernkontoordning	Minst som tidlegare år	Innfridd


## **Brukaranes tilfredsheit med løysinga for rapportering til statsrekneskapen, inklusive løysing og rådgiving**

I brukarundersøkinga meiner 85 prosent av respondentane at DFØ si løysing for rapportering av statsrekneskapen og rådgiving er tilfredsstillande. Det er tilnærma det same nivået som i 2015.

I september lanserte DFØ ei ny elektronisk løysing for likviditetsrapportar til statsrekneskapen frå 40 nettobudsjetterte verksemder og 60 statlege fond. Rapporteringa er ein forenkla rapport om likvidbevegelse på oppgjerskonto i Noregs Bank. Rapporteringa har tidlegare skjedd manuelt ved bruk av e-post og har blitt meld inn som ein tidstjuv av fleire. Vi har derfor grunn til å tru at brukarane er nøgde med den nye og enklare løysinga.


DFØ sine tenester innanfor rådgiving, formidling og tilrettelegging for rapportering til statsrekneskapen får elles gode tilbakemeldingar frå brukarane, med ei positiv utvikling frå 2015 til 2016. 21 prosent av dei spurde har fått støtte i samband med rapporteringsarbeidet, og brukarane oppgir at dei er godt nøgde med den hjelpa dei har fått. Resultata stadfestar òg at brukarane synest rapporteringa gjennom statsrekneskapsløysinga er effektiv.

### 3. AKTIVITETAR OG RESULTAT



#### **Brukaranes tilfredsheit med DFØ sine tenester innanfor betalingsformidling, inklusive statens konsernkontoordning**

I brukarundersøkinga seier 89 prosent av respondentane at dei er nøgde med tenestene våre innanfor betalingsformidling, inklusive statens konsernkontoordning. Brukarane er meir nøgde i 2016 enn tidlegare. Særleg er brukarane nøgde med korleis DFØ møter dei. Dei seier at dei har tillit til svara dei får, og at dei får svar på det dei spør om.



### 3.2.6 ENKELTOPPDRAK FRÅ DEPARTEMENTET

DFØ fekk i 2016 fire enkeltoppdrag knytte til konsernsystema. Alle oppdraga er gjennomførte og leverte i tråd med resultatkrava:

#### Publiseringsløysing for statsrekneskapen

*DFØ skal utvikle og etablere ei løysing som gir brukarar i statsforvaltinga og eksterne brukarar enklare tilgang til rekneskapsinformasjonen som i dag er tilgjengeleg i statsrekneskapen. Det er planlagt å setje løysinga i drift hausten 2017.*

Hausten 2015 begynte DFØ arbeidet med å utvikle og etablere ei publiseringsløysing for statsrekneskapen. Formålet er å gjere rekneskapsinformasjon frå statlege verksemdar samanliknbar og tilgjengeleg for eit breitt publikum. I 2016 har vi utarbeidd ei løysingsbeskriving, gjennomført anbodskonkurranse og valt

systemleverandør. Den nye løysinga varetek òg framtidige behov for å utvide innhaldet med rekneskapsinformasjon frå andre kjelder. Løysinga skal lanserast for publikum i mai 2017, mens løysinga for departementa skal lanserast hausten 2017.

### Løysing for innrapportering av rekneskapstal for nettobudsjetterte verksemder

*DFØ skal greie ut og foreslå ei løysing for å rapportere inn og samanstille rekneskapstal frå nettobudsjetterte verksemder basert på bokførte beløp etter standard kontoplan for statlege verksemder. Det blir lagt til grunn at rapporteringa frå dei nettobudsjetterte verksemdene vil vere periodiserte tal i samsvar med SRS.*

DFØ har greidd ut korleis SRS-rekneskapar bør presenterast som tilleggsinformasjon til statsrekneskapan, og kva slags informasjon som bør samlast i konsernsystema. I tillegg har vi levert forslag til ei teknisk løysing for innhenting og kontroll av SRS-rekneskapar frå statlege verksemder. På kort sikt inneber løysinga å utvide dagens mottakssystem slik at det kan ta imot periodiserte rekneskapar. Vi har gjennomført førebunde tiltak og begynt arbeidet med å gjere ferdig ein kravspesifikasjon. DFØ vil i dialog med departementet vurdere om løysinga skal realiserast.

### Verksemdsregister for statlege verksemder

*DFØ skal greie ut og leggje fram ei oversikt over statlege verksemder med utgangspunkt i føresegnene i økonomiregelverket. Dei skal òg synleggjere den hierarkiske samanhengen mellom ulike rekneskapsførande einingar, verksemder og departement. Arbeidet med verksemdsoversikta må koordinerast med KMD/Difi og SSB.*

DFØ har beskrive dagens situasjon med omsyn til omgrepsbruk og regelverk i ulike register og synleggjort problemområde. I utgreiinga beskriv vi mellom anna eit forvaltingsregime som skal sørge for å dekkje statens behov for ei påliteleg oversikt over alle statlege verksemder. Utgreiingsarbeidet er gjennomført med bidrag frå mellom anna Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Statistisk sentralbyrå (SSB) og Brønnøysundregistera. DFØ vil i 2017 endre rutine sine for saker i R-104 («Retningslinjer for oppgjørskontoer i Norges Bank og arbeidskontoer i banker innenfor statens konsernkontoordning») til å omfatte styrkt kontroll mot Einingsregisteret og beskrive kva steg som skal følgjast ved avvik. I tillegg etablerer vi ein rutine for årleg etterkontroll der verksemdsoversikta blir kontrollert mot verksemdsoversikta til Einingsregisteret.

6 Forvaltings- og analyseavdelinga blei omorganisert frå 1. januar 2015. Tala for 2014 er dermed ikkje med i oppstillinga



## Kartlegging av rekneskapsmessig mellomvære mellom staten og verksemdene

*DFØ skal kartleggje og systematisere kva som inngår i det rekneskapsmessige mellomværet mellom staten og verksemdene. Resultatet skal leggjast fram som ein rapport til departementet.*

Vi har kartlagt og vurdert om det rapporterte rekneskapsmessige mellomværet mellom staten og verksemdene er i samsvar med gjeldande føresegner i økonomiregelverket. Vi har òg samanlikna den fortløpande rapporteringa med rapporteringa som blir gjort ved slutten av året. Analysen viser at rapporteringa i all hovudsak skjer i tråd med krava, men at det kan vere grunnlag for å foreslå enkelte endringar og presiseringar i det gjeldande regelverket. Vi vil i 2017 utarbeide eit forslag til normering av kva som skal og bør inngå i mellomvære med statskassen.

### 3.2.7 RESSURSBRUK FOR KONSERNSYSTEMA

DFØ brukte 12 millionar kroner på konsernsystem i 2016. Det er ein auke samanlikna med 2015 som i hovudsak kan tilskrivast arbeidet med å publisere data frå statsrekneskapan. Prosjektet skal gjennomførast ved hjelp av konsulentar og med stor innsats frå egne tilsette. I tillegg kjem det vedlikehaldskostnader og lisensar knytte til publiseringssystemet i 2016.

Lønnsdelen innanfor dette tenesteområdet er normalt rundt 85 prosent. Som følgje av auka driftskostnader i samband med publiseringssystemet går denne prosentdelen vesentleg ned i 2016. Derfor aukar driftskostnadene per årsverk. Prosjektet vil halde fram i 2017 med leigd hjelp, og det er venta at prosentdelen vil vere låg i 2017 òg.

Lønnskostnaden per årsverk var høgare i 2015 som følgje av ei ekstraordinær lønnsutbetaling.

Tabellen nedanfor viser utvalde nøkkeltal for konsernsystema:<sup>6</sup>

<b>Konsernsystemene</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Årsverk	4	5
Driftskostnader (i 1000 kr)	8 073	12 487
Lønnsandel av driftskostnader	84 %	52 %
Konsulentandel av driftskostnader	7 %	38 %
Reisekostnad pr årsverk (i 1000 kr)	4	12
Lønnskostnad pr årsverk (i 1000 kr)	945	911
Driftskostnader pr årsverk (i 1000 kr)	1 205	1 844

### 3.2.8 VURDERING AV DFØ SITT BIDRAG TIL EFFEK- TAR FOR DELMÅL 2: KONSERNSYSTEM

Handlingsrommet for DFØ sine oppgaver knytte til delmål 2 er mindre enn for delmål 1. Dei aktuelle ressursane er i svært stor grad bundne opp til vanleg drift av oppgaver innanfor forvaltinga av statsrekneskapen og statleg betalingsformidling.

DFØ har dei siste åra teke fleire grep for å effektivisere oppgåveløysinga i samband med den daglege drifta av konsernsystema. DFØ har gradvis klart å redusere ressursbruken for fleire av oppgåvene knytte til statsrekneskapen. Dei frigjorde ressursane har i hovudsak blitt prioriterte til å forbetre prosessar og støtte ulike utviklingsoppdrag. Vi legg til grunn at vi har eit potensial for å vidareutvikle tenestene våre knytte til konsernsystema. Med den planlagde publiseringsløysinga for statsrekneskapen og med nye rammeavtalar for betalingsformidling meiner vi at DFØ vil møte forventingane til brukarane i endå større grad.

Strukturane knytte til obligatorisk bruk av konsernsystema i statsforvaltinga gir staten stordriftsfordelar og sikrere løysingar. Obligatorisk innrapportering til statsrekneskapen etter strukturen i standard kontoplan for statlege verksemder gjer at det er lagt godt til rette for å samanlikne mellom verksemder og på tvers av år. Rammeavtalane med bankane gir verksemda betre prisar enn dei elles ville ha oppnådd i marknaden. Ordninga sørgjer for ei sikker og effektiv betalingsformidling for statlege verksemder og gir staten ei best mogleg likvidforvaltning gjennom å samle midlane til statsforvaltinga i Noregs Bank.

Kundane våre meiner at vi leverer gode tenester innanfor konserntenestene. I 2016 har vi òg fått enkelte positive tilbakemeldingar frå fagmiljø for betalingsformidling hos bankar og andre bedrifter om at vi held eit høgt fagleg nivå.

## 3.3 DELMÅL 3: TENESTENE TIL DFØ GIR SYNERGIAR OG STORDRIFTSFORDELAR

Den viktigaste synergieffekten av tenestene til DFØ er betre kvalitet. Med store volum på lønns- og rekneskapstenester kan vi samle større fagmiljø på dette området enn dei fleste andre statlege verksemder. Det gir grunnlag for gjensidige kompetanseløft, kvalitetssikring, raskare avklaringar av problemstillingar og betre utvikling av tenestene. Store volum gjer òg at DFØ kan forsvare investeringar som den enkelte statlege verksemda ikkje kunne ha gjort åleine. DFØ skal bidra til å oppnå stordriftsfordelar for staten ved å tilby standardiserte tenester med eit visst volum i leveransane innanfor lønns- og rekneskapsområdet, jf. kapittel 3.3.7, «Vurdering av DFØ sitt bidrag til effektar for delmål 3».

Tabellen nedanfor viser resultat for styringsparametrar under delmål 3:

<b>Styringsparametrar 2016</b>	<b>Resultatkrav</b>	<b>Resultat</b>
DFØ har standardiserte leveransar	Redusere avvik	Delvis innfridd
Einingskostnadene til DFØ er på nivå med eller lågare enn samanliknbare verksemdar	Minst som tidligere år	Innfridd
DFØ har store volum	Minst som tidligere år eller høgere	Innfridd
Kundane tek i bruk dei digitaliserte løysingane til DFØ	Minst som tidligere år eller økt bruk	Innfridd

### 3.3.1 DFØ HAR STANDARDISERTE LEVERANSAR

Samlokaliseringa av lønns- og rekneskapstenestene har bidrege til auka standardisering av tenestene og tenesteproduksjonen på økonomitenesteområdet. Det har som venta gitt oss betre oversikt over avvik og eit godt høve til å sikre lik arbeidsdeling og oppgåveløysing mellom oss og kundane. Vi har kartlagt kva for verksemdar som har avvikande arbeidsdeling, og vi følgjer opp desse med tanke på å fjerne eller redusere avvik. Planen vår var å lukke alle avvik innan utgangen av 2016, men denne prosessen vil ta noko lengre tid enn venta. Enkelte avvik vil bli formaliserte gjennom ny avtale eller avvikla. Vi vidarefører tiltaka for å ferdigstille arbeidet.

I samband med at DFØ overtok lønns- og rekneskapsproduksjonen til departementsfellesskapet 1. juli 2016, vidareførte vi dei tidlegare avtalane mellom DSS og departementsfellesskapet. Det inneber ei utviding av standardmodellen og er ikkje i tråd med DFØ si standardiserte arbeidsdeling med andre kundegrupper. Hausten 2016 kartla DFØ dei nye oppgåvene og arbeidsprosessane med tanke på å hente ut gevinstar gjennom meir effektiv organisering av arbeidet og digitalisering. Dette arbeidet held fram i 2017.

### 3.3.2 EININGSKOSTNADENE TIL DFØ ER PÅ NIVÅ MED ELLER LÅGARE ENN SAMANLIKNBARE VERKSEMDER

Vi har i fleire år vore med i Ernst & Youngs nordiske Finance Benchmarking-program. I denne referanseundersøkinga blir større offentlege institusjonar med shared service-funksjonar samanlikna med kvarandre og mot internasjonale undersøkingar.

### 3. AKTIVITETAR OG RESULTAT

På grunn av fråfall blant andre deltakarar inneheld undersøkinga i år ei individuell samanlikning med resultatata tidlegare år. Dermed har ikkje rapporten i år noka samanlikning med andre verksemder, men er ei oppstilling av einingskostnadene til DFØ for åra 2012–2015. Dataa frå tidlegare år er blitt prisindekserte for å kunne samanstillast med data for 2015. I rapporten for 2016 er det brukt tal frå 2015.

Rapporten viser at vi har lågare einingskostnad i prosessane *refusjon av foreldre- og sjukepengar, reiserekningar og utleggsrefusjon, hovudbok og periodeavslutning, inngåande faktura og utgåande faktura*. Prosessen *handtering av lønn* har ei svak negativ utvikling samanlikna med 2014, men har likevel ei positiv utvikling samanlikna med 2012 og 2013. Tabellen nedanfor viser einingskostnadene for prosessane med størst volum.

Tabellen nedanfor viser einingskostnadene per prosess:

<b>Prosess</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>Endring 2015-2014</b>
Handtering av lønn – totale kostnader (kr) per medarbeidar som får lønn	342	255	248	253	2 %
Hovudbok og periodeavslutning – totale kostnader (kr) per posteringslinje	0,94	1,01	1,01	0,64	-37 %
Inngåande faktura – totale kostnader (kr) per inngåande faktura som er behandla	24	22	23	20	-13 %

Ei forklaring på at einingskostnadene knytte til lønnshandtering har ein svak auke i 2015, er at vi dette året var i omstilling, og at vi hadde ekstra tilsette ein periode for å sikre tenesteleveransane. Utover dette er resultatata som venta med tanke på den aukande graden av digitalisering og automatisering vi har innført innanfor lønns- og rekneskapstenestene. Til dømes har meir bruk av e-faktura og e-skjema medført at vi kan levere tenester til fleire utan å auke ressursinnsatsen tilsvarande.

I 2015 blei lønns- og rekneskapstenesta samla i høvesvis Stavanger og Trondheim. Ein planlagd effekt av denne omstillinga var å forenkle arbeidet med å standardisere leveransane, noko som igjen er venta å gi lågare einingskostnader på sikt. I 2016 overtok vi lønns- og rekneskapsoppgåvene frå DSS. Frå 2018, når denne omstillinga er gjennomført, er det venta at einingskostnadene vil gå ytterlegare ned.

Funn frå rapporten vil bli vurderte og analyserte som ein del av arbeidet med planlegging og budsjettering for 2018.

7 Nedgangen i lønns- og trekkoppgåver kjem av at verksemder i undervisnings- og høgskulesektoren som fusjonerte ut av kundemassen vår 31. desember 2015, hadde mange eksternt lønte og timelønte. Når det gjeld månadslønna, har opptaket av nye kundar kompensert.

### 3.3.3 DFØ HAR STORE VOLUM

DFØ leverer lønns- og/eller rekneskapstenester til rundt 83 prosent av alle statlege verksemder. Kundemassen er jamt aukande. I 2016 har ingen avslutta kundeforholdet til DFØ, men alle verksemder som er knytte til kyrkja, har vore i avviklingsprosess i samband med at dei frå og med 1. januar 2017 ikkje lenger er statlege verksemder og dermed ikkje ein del av marknadsgrunnlaget til DFØ.

I 2016 har desse verksemdene valt DFØ som lønns- og/eller rekneskapsleverandør, med planlagt opptak i 2016, 2017 og 2018:

- Folkehelseinstituttet
- Helsedirektoratet (lønn)
- Direktoratet for e-helse (lønn)
- Forsvarsdepartementet
- Polarinstituttet
- Miljødirektoratet
- Riksantikvaren
- Jernbanedirektoratet
- Vegtilsynet
- Konkurranselagenemda
- Oljedirektoratet (lønn)

I 2016 blei desse verksemdene sette i drift som nye kundar:

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) (lønn)
- Fiskeridirektoratet
- Regelrådet
- Valgdirektoratet
- Direktoratet for e-helse (regnskap)
- Stortinget (lønn)

I samband med overtakinga av lønns- og rekneskapstenestene frå DSS 1. juli 2016 har vi etablert eit kundeforhold til Statsministerens kontor, Regjeringsadvokaten og 13 departement.

Tabellen nedanfor viser utvalde volumtal for lønns- og rekneskapstenestene:<sup>7</sup>

	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Månadslønna	80 649	79 141	79 371
Honorarlønna	76 704	90 470	87 178
Lønns- og trekkoppgåver	183 250	205 274	195 047
Fakturaer gjennom efb-løysinga til DFØ	851 000	874 000	907 070

### 3.3.4 KUNDANE TEK I BRUK DEI DIGITALISERTE LØYSINGANE TIL DFØ

DFØ arbeider kontinuerleg med å motivere statlege verksemder til å ta i bruk digitaliserte løysingar. E-skjemaløysinga vår er mykje brukt. Bruken av e-skjema varierer gjennom året, men aukar stadig. I 2016 var den gjennomsnittlege transaksjonsmengda via e-skjema på 55 prosent for fullservicekundar. Tilsvarande var den gjennomsnittlege prosentdelen elektroniske skjema hos del- og basiskundar på 4,5 prosent i same perioden. Når det gjeld e-skjema for honorarmottakarar, var prosentdelen 30. Det er godt over det interne resultatkravet på 23 prosent. Dersom vi skil mellom tenestemodellane til kundane, ser vi at 37 prosent av transaksjonane til full- og delservicekundar er digitale, mens berre 2 prosent av transaksjonane hos basiskundane går vie e-skjema. DFØ driv kontinuerlege pådrivaraktivitetar for å auke e-skjemabruken blant basiskundane.

I 2016 har i snitt 39 prosent av dei tilsette hos kundane våre brukt DFØ-appen. Bruken har auka jamt gjennom året, men vi har ikkje nådd det interne resultatkravet på 50 prosent. Etter at vi lanserte reiserekning og lønsslipp i appen i april, auka prosentdelen mykje. Dei tre siste månadene av året har den gjennomsnittlege bruken av appen vore 55 prosent.

I mai lanserte vi ei ny e-postløysing for å minne leverandørar om at DFØ-kundar skal ha elektroniske fakturaer (EHF). Ved utgangen av 2016 utgjorde EHF-fakturaene akkumulert 52 prosent av alle vedlegga. Det er noko lågare enn det interne målet på 55 prosent. Vi gjennomfører heile tida tiltak for å auke prosentdelen.

DFØ tilbyr ei heilskapleg innkjøpsløysing (e-handel) som dekkjer prosessen frå bestilling til betaling. Vi har gjennom året arbeidd kontinuerleg med å vidareutvikle løysinga og informere rekneskapskundane om fordelane ved å ta i bruk tenesta. Det siste halvåret har det vore stor interesse for å ta løysinga i bruk. Det kan vi sjå i samanheng med at det i 2017 blir mogleg å nytte systemet til å handle gjennom dei statlege fellesavtalane. Ved inngangen til året var 19 kundar knytte til innkjøpsløysinga, og talet auka til 28 ved utgangen av 2016. Kundane våre stadfestar at løysinga bidreg til effektiv ressursbruk og reduserte kostnader, og at krava økonomiregelverket stiller til sporbarheit og dokumentasjon, blir oppfylte. Fleire kundar har teke kontakt og signalisert at dei ønskjer å inngå avtale om å ta i bruk innkjøpsløysinga i 2017.

I juni skaffa DFØ seg eit nytt innkjøps- og fakturasystem. Systemet er under utvikling, og vi begynner utrullinga til nye kundar i 2018. Det gjer at vi kan tilby ei løysing basert på ei framtidsretta plattform som vil dekkje totalbehovet til kundane. Løysinga vil bidra til ein heildigital innkjøpsprosess som automatisk sikrar at brukarane følgjer lovverket og føringane frå staten. I tillegg meiner vi at systemet vil bidra til å redusere ressursbruken knytt til prosessen frå bestilling til betaling.

### 3.3.5 ENKELTOPPDRAG FRA DEPARTEMENTET

DFØ fekk i 2016 eitt enkeltoppdrag knytt til delmålet om synergjar og stordriftsfordelar. Oppdraget er gjennomført og levert i tråd med resultatkravet:

#### Rettleiingsmateriale for å samanlikne kostnader

*DFØ skal utarbeide eit rettleiingsmateriell som gjer verksemdene i stand til å kartlegge kostnadene i samband med sin eigen lønns- og rekneskapsproduksjon, og samanlikne det med pristilbodet til DFØ. Formålet er å leggje til rette for ein bruk-eller-forklar-modell for lønns- og rekneskapstenestene til DFØ. Statlege verksemder skal kunne samanlikne kostnadene med dei noverande løysingane med DFØ sine tenester på lønns- og rekneskapsområdet. Fristen er 30. juni 2016.*

Vi har utarbeidd ei rettleiing som beskriv korleis statlege verksemder kan hente inn grunnlag for å vurdere om det er lønnsamt å velje DFØ som leverandør av lønns- og rekneskapstenester. Rettleiinga skal fungere som ei støtte i den første vurderinga av potensialet ved å bruke DFØ og blir no prøvd ut i verksemder som får tilbod frå oss.

### 3.3.6 RESSURSBRUK 2016

DFØ fører rekneskapen sin etter kontantprinsippet. Frå 2011 har vi i tillegg ført rekneskap etter periodiseringsprinsippet (SRS).

I dette kapitlet vil vi gjere greie for ressursbruken i DFØ ved hjelp av utvalde rekneskapstal og nøkkeltal frå årsrekneskapen. Vi har valt å bruke tal frå den periodiserte rekneskapen og synleggjer dermed kostnader. Unntak er «Samla tildeling post 01–99» og «Utnyttingsgrad post 01–29», som er henta frå løyvingssrapporteringa (kontant) i årsrekneskapen. Ein viktig forskjell mellom desse rekneskapane er at i verksemdsrekneskapen blir pensjonar og avskrivningar resultatførte, i kontantrekneskapen investeringar.


Grunnlaget for nøkkeltala er å finne i del 6 i årsrapporten («Årsrekneskapen»).

#### Samla tildeling

Den samla tildelinga til DFØ var på 419 millionar kroner. I tillegg har DFØ hatt meirinntekter og fått belastingsfullmakt frå DSS og refusjonar frå Nav. Det har auka den totale disponible ramma til 455 millionar kroner.

Diagrammet nedanfor viser den samla tildelinga per post i 2016. Tildelinga av midlar frå kapittel/post 160545 gjeld e-handel og utviklingsmidlar, og Finansdepartementets kapittel 1608 gjeld vurdering av Evalueringsportalen, publisering av data frå statsrekneskapen og tiltak for betre gevinstrealisering.

Figuren nedanfor viser den samla tildelinga i 2016 fordelt på kapittel/post, i




prosent:

### Løyvingsdel

Løyvingsdelen viser inntekt frå løyving som prosentdel av dei samla inntektene til DFØ. DFØ er i hovudsak løyvingsfinansiert, men vi har høve til å belaste kundane for tredjepartskostnader innanfor økonomitenesteområdet og til dekning av kostnader i samband med enkelte kurs- og konferansetilbod.

Frå og med 2016 har kundar som tidlegare gav oss belastingsfullmakt som betaling for lønns- og/eller rekneskapstenester frå oss, heller betalt direkte (fått faktura frå oss). Det gjeld kundar som normalt skal overføre ramme til oss, men som anten ikkje kan, eller som ønskjer unntak frå hovudregelen om rammeoverføring. Kostnader som gjeld oppstart eller endring er òg betalte direkte frå 2016. Derfor er driftsinntektene i underkant av 30 millionar kroner høgare i 2016 enn i 2015, og løyvingsdelen går ned med fem prosenteningar frå 2015 til 2016.






Figuren nedanfor viser løvingsdelen i prosent:

## Utnyttingsgrad post 01–29

Utnyttingsgrad post 01–29 viser brukte midlar (bokførte) som prosentdel av ordinære midlar (post 01) og av spesielle driftsutgifter (post 21).

Utnyttingsgraden går opp frå 2014. Det kan forklarast med lågare min-dreforbruk av ordinære midlar og spesielle driftsutgifter dei tre siste åra. Hovudårsaka til det er at ekstrakostnader knytte til omstillingar vi har gjennomført og er i ferd med å gjennomføre, blir finansierte innanfor den tildelte ramma.

Det er venta at utnyttingsgraden vil liggje tettare opp mot 100 prosent dei kommande åra som følgje av budsjettreduksjon ved ABE-reforma og ekstra-



kostnader knytte til DSS-omstillinga. Utnyttingsgraden varierer mellom 95 og 97 prosent i perioden.

Figuren nedanfor viser utnyttingsgraden i post 01-29 i prosent:


## Driftskostnader

Dei totale driftskostnadene var på 474 millionar kroner i 2016. Det er ein auke på 4 prosent samanlikna med 2015, noko som er litt høgare enn den generelle prisstiginga i perioden. Det er kostnader til konsulent som aukar mest i 2016, hovudsakleg i samband med utvikling av publiseringsløysing for statsrekneskapen, vidareutvikling av webløysing på rekneskapsområdet og konseptutgreiing i samband med automatisering av avstemming.

I 2015 blei nettoføringsordninga innført, og frå dette året har vi fått reduksjon i tildelinga og lågare kostnader i rekneskapen (meirverdiavgift blir bokført på Finansdepartementets kapittel 1633).

### Driftskostnad pr art

Hovudtyngda av kostnadene til DFØ er lønn (60 prosent). Utover dette gjeld dei største kostnadene avskrivningar, kjøp av framande tenester, vedlikehald av IT-utstyr og husleige. Lønnsdelen gjekk noko opp etter innføringa av nettofø-ringsordninga frå 2015. Elles er fordelinga mellom dei ulike kostnadsartane nokså stabil frå år til år.



Figuren nedanfor viser samansetjinga av driftskostnader i 2016 etter kostnads-type i prosent:


### Lønnskostnader

Lønnskostnadene består av lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar minus refusjonar frå Nav. Kostnaden per årsverk var 814 000 kroner i 2016, ein auke på 0,7 prosent frå 2015. Det er lågare enn den berekna lønnsveksten for statstilsette for 2016.

Refusjonar frå Nav er vesentleg høgare i 2016, utan at fråværet som følgje av sjukdom og foreldrepermisjonar har vore høgare. Årsaka til det er at vi frå 2016 har bokført påkomne Nav-refusjonar. I tillegg er ein refusjon som gjeld 2015, inntektsført i verksemdsrekneskapan for 2016. Kostnad til overtid er vesentleg redusert i 2016. Det kan i hovudsak forklarast med omstillinga som blei gjennomført i 2014 og 2015.

Justerer vi for dette, er lønnsveksten på nivå med den berekna lønnsveksten for statstilsette.

Figuren nedanfor viser lønnskostnader per årsverk i 1000 kroner:




## Reisekostnader

Ein av dei planlagde effektiviseringsgevinstane som følgje av omstillinga i 2014 og 2015 var lågare reisekostnader på grunn av mindre behov for å reise mellom kontora.

Nedgangen frå 2015 kan delvis tilskrivast nettoføringsordninga. Justert for dette går likevel reisekostnadene ned i 2015 og ytterlegare ned i 2016.

Reisekostnadene per årsverk går ned frå 2015. Figuren nedanfor viser reisekostnader per årsverk i kroner:




## Kostnader per hovudaktivitet

Lønns- og rekneskapstenestene er det største tenesteområdet i DFØ, og 62 prosent av kostnadene våre kan førast tilbake dit. Kostnader til stabs- og fellesfunksjonar utgjer 28 prosent. I overkant av ein fjerdedel av kostnadene til stabs- og fellesfunksjonar er IT-kostnader.

Prosentvis har kostnadene på økonomitenesteområdet gått ned frå 2015. Det kan forklarast med at vi har teke ut effektiviseringsgevinstar på dette området og brukt dei mellom anna til å finansiere auka IT-kostnader som følgje av investeringar i lønns- og rekneskapssystema. I tillegg er den største delen

av reduksjonen som følgje av innføringa av nettoføringsordninga knytt til økonomitenesteområdet.

Figuren nedanfor viser driftskostnader per hovudaktivitet i 2016 i prosent:



### 3.3.7 VURDERING AV DFØ SITT BIDRAG TIL EFFEK- TAR FOR DELMÅL 3

#### Synergjar

Vi erfarer at det er signifikante synergieffektar og samdriftsfordelar mellom regelverksforvaltinga og lønns- og rekneskapstenestene våre. Eit tett samarbeid mellom fagmiljøa på rekneskapsområdet og regelverksforvaltinga har bidrege til betre tenesteutvikling og auka kvalitet på den faglege rettleiinga. Utviklingsarbeidet med det nye økonomistyringsverktøyet vårt, Økonomiinfo, og rettleiinga til kundane om standard kontoplan og SRS er døme på slike synergjar. I 2016 har vi òg arbeidd med endringa for ikkje-premiebetalande verksemdar til Statens pensjonskasse. Dette arbeidet var leidd av Finansdepartementet og fordelt til forvaltings- og analyseavdelinga i DFØ. Både lønnsavdelinga og rekneskapsavdelinga deltok i det faglege arbeidet.

Den operative kompetansen som DFØ opparbeider som leverandør av lønns- og rekneskapstenester, er òg verdifull i regelverksforvaltinga og i kompetanseformidlinga om styring. Fagavdelingane våre har jamleg kontakt for å koordinere oppgåver, bidra med faglege innspel og utveksle erfaringar.

Vidare er det synergieffektar knytte til utveksling av data mellom lønssystemet og rekneskapsystemet og til det tette samarbeidet mellom IT-miljøa til DFØ. Data frå lønssystemet utgjer brorparten av rekneskapen. Eit døme er tidsdata som blir registrerte på prosjekt i lønssystemet vårt, og som blir overførte til prosjektrekneskapen i rekneskapsystemet.

Kommunikasjon og koordinering knytte til avstemming, feilretting og årsopp-gjer går smidig når dei involverte har tett kontakt på tvers av avdelingane i DFØ. Innanfor IT-system og -infrastruktur er det òg synergieffektar. Eit døme på det er korleis den praktiske kompetansen knytt til rekneskapstenestene bidreg til den teknologiske drifta av statsrekneskapen.

## Stordriftsfordelar

Den nye innkjøps- og fakturaløysinga for alle kundane våre har bidrege til stordriftsfordelar i form av rimelegare investerings- og driftskostnader for den enkelte kunden. I 2016 har vi òg arbeidd med å kjøpe konkurransegjennomføringsverktøy og eit kontraktsoppfølgingsverktøy på vegner av kundane våre. Det er eit krav at anskaffingar skal gjerast digitalt frå 2017.

Lønns- og rekneskapsavdelingane er i kontinuerleg dialog med leverandørar som tilbyr tenester på lønns- og rekneskapsområdet. Vi ønskjer for det første å oppnå stadige forbetringar og vidare utvikling av eksisterande systemløysingar. For det andre ønskjer vi kunnskap og tilgang til nye systemløysingar og teknologi som kan bidra til auka digitalisering og effektivisering, betre brukaropplevingar og betre styring. Vi har etter kvart fått mykje kompetanse og erfaring som gjer oss rusta til å sjå kvar det er mogleg å effektivisere og forenkla ved å bruke ny teknologi. Det er vanskeleg å talfeste effekten av at vi gjer dette på vegner av alle kundane våre, men vi meiner at dette er eit døme på korleis vi skaper stordriftsfordelar for staten. Jo raskare den teknologiske utviklinga går, jo meir verdifullt er det at DFØ på vegner av staten sikrar at vi held tritt med utviklinga og utnyttar effektiviseringspotensialet.

DFØ genererer òg stordriftsfordelar for staten gjennom auka forhandlingskraft. Vi har i 2016 inngått avtale med ein ny driftsleverandør for lønnsstenestene, og staten sparer 50 millionar over ein periode på sju år samanlikna med den gamle avtalen. Det er DFØ-kundane som tek ut denne gevinsten ved at fakturaen for utgifter i samband med programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet blir lågare.



DEL 4: STYRING OG KONTROLL  
I VERKSEMDA

---



DFØ har eit internt mål om at den interne styringa i DFØ skal vere eit førebilete for andre. Målet uttrykkjer ambisjonsnivået vårt på området, og vi prioriterer arbeidet med styring og kontroll høgt. Vi gjennomfører faste aktivitetar, mellom anna risikovurderingar, eigenevaluering av internkontrollen og leiarane si rapportering av status for internkontrollen på eigne område. Eigenevalueringa viser korleis DFØ – samla for alle avdelingar – vurderer seg sjølv etter sju generelle kjenneteikn på god internkontroll. Evalueringa blei gjennomført for første gong i 2015 og stadfestar at vi har eit velfungerande opplegg for verksemdsstyring.

Vi har ingen vesentlege driftsavvik i 2016, men vi ser at det er behov for å vidareføre det daglege arbeidet med å forbetre styring og kontroll, med vekt på IT-styring.

## 4.1

# RISIKOVURDERING OG INTERNKONTROLL

Vi har ingen vesentlege endringar i risikovurderinga frå halvårsrapporten. Det er heller ikkje avdekt vesentlege svake punkt i internkontrollen, men vi arbeider likevel kontinuerleg med å forbetre han. Det gjeld styrings- og kontrollmiljøet og konkrete arbeidsprosessar. Vi har i 2016 lagt vekt på forbetningsarbeid relatert til tryggleik og IT-styring.

### Internrevisjon

Vi har gjennomført ei fornya vurdering av bruken av internrevisjon i 2016. Vurderinga vår er at det på lengre sikt kan vere aktuelt for DFØ å etablere ein internrevisjon, men at det no vil vere mest formålstenleg å bruke ressursane på forbetringstiltak og spesifikke, målretta gjennomgangar framfor å etablere ein internrevisjon. Vi vil gjere ei ny vurdering seinast innan fire år, jf. Finansdepartementets rundskriv R-117.

### Tryggleik og beredskap

DFØ rapporterer årleg om tryggleikstilstanden i ei særskild rapportering til Finansdepartementet. Hendingar blir rapporterte i samsvar med dette, og erfaringane frå hendingane er ein del av det fortløpande forbetningsarbeidet vårt. Som følgje av dette forbetningsarbeidet, eksterne gjennomgangar og faktiske hendingar har vi sett i verk ulike tiltak på området informasjonstryggleik.

### Øving

Vi gjennomførte ei varsla øving på tryggleiks- og beredskapsområdet i 2016. Øvinga gjaldt i hovudsak rekneskapstenestene og IT-drifta. Formålet var å trene



på tiltak ved mistanke om interne misleghald og hacking og samtidig vurdere interne retningslinjer i lys av øvinga. Erfaringane bruker vi i det vidare forbe-  
tringsarbeidet med styring og kontroll relatert til informasjonstryggleik.

## Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til DFØ-rekneskapen for 2015. Dei gjen-  
nomfører årleg revisjon av oss som leverandør av økonomitjenester til andre  
statlege verksemdar. Resultata frå desse revisjonane er gode innspel i det kon-  
tinuerlege forbe-  
tringsarbeidet til DFØ. Revisjonane for 2014 og 2015 har vist at  
vi har hatt potensial for forbedring innanfor IT- og informasjonstryggleik. Vi vil  
framleis vere merksame på det i 2017. DFØ og Riksrevisjonen har eit godt fagleg  
samarbeid om revisjonen av kundane våre. Resultata frå revisjonane for 2016  
kjem våren 2017.

## 4.2

# DIGITALISERING OG FORENKLING

Tenestene til DFØ er digitale. Gjennom utviklingstiltaka våre (jf. også en-  
keltoppdraga) arbeider vi likevel kontinuerleg for å vidareutvikle, effektivisere  
og forenkle tenestene våre ytterlegare.

## Digital forvaltning

Føringane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv (jf.  
H-17/2015) skal liggje til grunn for digitaliseringsarbeidet til DFØ. Vi har sett i  
gang og/eller planlagt tiltak som dekkjer alle relevante punkt i rundskrivet. For  
enkelte punkt står det igjen noko vurderingsarbeid. Det gjeld mellom anna bruk  
av digital postkasse og utgreiing av tenestekjeder. Punkta om medfinansiering  
for lønnsame digitaliseringsprosjekt og tilgangen til å gå ut over driftsløyvin-  
gane til investeringsformål har ikkje vore aktuelle for DFØ i 2016. Les meir om  
krava til styring og kontroll på informasjonstryggleiksområdet i avsnittet om  
IKT-tryggleik (ovanfor).

## Forenkling for å førebyggje unødig tidsbruk

Vi følgjer opp prioriterte tidstjuvar gjennom det ordinære styringssystemet vårt  
og gjennom Difis tidstjuvdatabase. For dei fleste av dei innmelde tidstjuvane  
hadde vi alt sett i verk eller planlagt konkrete tiltak, uavhengig av innmelding av  
tidstjuvane. Dei prioriterte tidstjuvane vil i all hovudsak bli fjerna gjennom det  
ordinære arbeidet med å vidareutvikle systema og tenestetilboda våre.

I Difis tidstjuvdatabase er det meldt inn 119 tidstjuvar som vi har ansvar for å føl-  
gje opp. 27 av desse har statusen ferdigbehandla og fjerna, og 47 er tekne inn i  
pågåande arbeid eller er under saksbehandling. 45 tidstjuvar er ikkje prioriterte  
og har dermed ingen tiltak no.

## 4.3 OMSTILLING

DFØ har samla lønns- og rekneskapstenestene i Stavanger og Trondheim, i tillegg til Oslo. På Hamar har vi no berre elektronisk fakturabehandling og e-handel. Desse tenestene skal flyttast til Trondheim innan 1. april 2017. Vi konsentrerer oss no om å bidra til at dei tilsette på Hamar som ikkje flyttar med til Trondheim, har fått nye jobbar den dagen kontorstaden skal leggjast ned.

I samband med overføringa av lønns- og rekneskapsoppgåvene frå Service- og tryggingorganisasjonen til departementa blei 53 tilsette flytta over til DFØ. Innan 1. januar 2018 vil oppgåvene vere overførte til Stavanger og Trondheim. Dei tilsette har rett og plikt til å følgje oppgåvene. Dersom dei ikkje ønskjer å flytte med, kan dei anten søkje om flyttefritak eller seie opp stillinga innan tre månader før 31. desember 2017. DFØ gjennomfører ei rekkje tiltak for å støtte dei tilsette som ikkje flyttar, med å få ny jobb før nedlegginga i Oslo.

## 4.4 BEMANNING OG PERSONALFORVALTNING

Ved slutten av 2016 var det 425 tilsette i DFØ, mot 369 året før. Auken skriv seg frå overføringa frå DSS. Ved utgangen av året hadde 14 av dei 53 overførte slutta. Seks av dei slutta 31. desember 2016 og er derfor inkluderte i tala for tilsette i tabellane nedanfor.

Tabellen nedanfor viser tilsette i DFØ fordelt på kontorstader ved utgangen av året.

	Oslo	Trondheim	Stavanger	Hamar	DFØ
Tilsette, totalt	192	89	133	11	425
Reduserte stillingsbrøkar	2,15	1,3	0,9	0,5	4,85
Tilsette i 100 % permisjon	5	3	3	0	11
Tilsette, netttotal	187	86	130	11	414

Tabellen nedanfor viser tilsette fordelt på avdelingar.

	2013	2014	2015	2016
Strategi- og fellestenesteavdelinga	47	53	46	48
Kommunikasjonseininga	8	8	8	7
Forvaltings- og analyseavdelinga	40	41	40	47
Rekneskapsavdelinga	121	117	115	128
Lønnsavdelinga	156	168	159	195
Tilsette totalt	368	382	369	425

Talet på årsverk auka i 2016 samanlikna med tidlegare år. Det kjem av overføringa av tilsette og oppgåver frå STD i tillegg til større kundemasse og fleire oppgåver. Etter nedlegginga av Hamar, overføring av lønns- og rekneskapsoppgåver frå DSS og fullført oppbemanning i Trondheim og Stavanger er det venta ein reduksjon i talet på tilsette gitt kundemasse og oppgåver på same nivå som i dag.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i årsverk per avdeling i DFØ gjennom ein fireårsperiode:

	2013	2014	2015	2016
Strategi- og fellestenesteavdelinga	42	50	49	45
Kommunikasjonseininga	5	6	7	6
Forvaltnings- og analyseavdelinga	38	32	36	38
Rekneskapsavdelinga	105	107	107	109
Lønnsavdelinga	135	143	153	153
Tilsette totalt	321	334	346	351

## Turnover

I 2016 er turnoveren 11,4 prosent, mot 18 prosent i 2015. Turnoveren i 2016 kjem i hovudsak av omstillinga av lønns- og rekneskapstenestene.

## Likestilling

DFØ har ikkje noko eige likestillingsutval, men eventuelle saker blir tekne opp i andre faste møte med dei tillitsvalde. Det har ikkje blitt meldt inn saker i 2016, og vi har heller ikkje hatt særskilde innsatsområde dette året.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelinga blant leiarar og tilsette per 31. desember 2016:

	Kvinner	Menn	Til saman	Prosent- del kvinner	Prosent- del menn
Tilsette	250	147	397	63	37
Leiarar	14	14	28	50	50
Direktør og avdelingsdirektørar	2	4	6	33	67
Seksjonssjefar	12	10	22	55	45
DFØ samla	264	161	425	62	38

## Aldersprofil

Om lag 58 prosent av dei tilsette i DFØ er i aldersgruppa 40–59 år. I fleire av stillingane i forvaltings- og analyseavdelinga og i strategi- og fellestenesteavdelinga søker vi bevisst etter personar med tung kompetanse. Det er ei av årsakene til den høge alderen, som gir ein stabil arbeidsstokk med låg turnover. Gjennomsnittsalderen i lønnsavdelinga og rekneskapsavdelinga er nesten ti år lågare enn i dei førstnemnde avdelingane.

DFØ har tre lærlingar under 20 år, éin i Trondheim og to i Stavanger. Snittalderen for tilsette per 31. desember 2016 var 44,6 år.

Tabellen nedanfor viser alderssamansetjinga per 31. desember 2016:

Aldersgruppe	Personar
18–19	3
20–29	51
30–39	86
40–49	132
50–59	117
60 og eldre	36

## IA-avtalen og sjukefråvær

I IA-avtalen til DFØ er målet for sjukefråvær at det ikkje skal vere over 5 prosent. Eigenmeldt sjukefråvær skal ikkje vere over 2 prosent, og legemeldt sjukefråvær skal ikkje vere over 3 prosent. Vi har òg som mål at tilsette skal nytte eigenmelding og ikkje sjukemelding ved korttidsfråvær.

I 2016 var sjukefråværet på til saman 4,7 prosent og dermed under IA-målet. Det legemelde sjukefråværet har gått ned frå 3,4 prosent i 2015 til 3,1 prosent i 2016, mens det eigenmelde sjukefråværet har stige frå 1,5 prosent til 1,6 pro-

sent i same perioden. Bedriftshelsetenesta har vore ein nyttig støttespelar i sjukefråværsarbeidet.

Tabellen nedanfor viser sjukefråvær i perioden 2013–2016:

	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Legemeldt sjukefråvær	4,8	3,7	3,4	3,1
Eigenmeldt sjukefråvær	1,3	1,1	1,5	1,6
Sjukefråvær til saman	6,1	4,9	4,9	4,7

## Kompetanseutvikling og leiarutvikling

Kompetansestyringsmodellen vår skal bidra til at leiarar og tilsette får mest mogleg relevant kompetanseutvikling. Dette blir opplevd som ein motivasjonsfaktor og sikrar at dei tilsette får sjansen til å utvikle den kompetansen dei treng for å møte framtidige utfordringar.

DFØ har i hovudsak tre verkemiddel for å gjennomføre kompetanseutvikling: ei stipendordning, DFØ-skulen og kompetansemidlar for den enkelte tilsette. Stipendordninga rettar seg i hovudsak mot studium som gir studiepoeng, grad eller sertifisering, og som samtidig er relevante for DFØ. DFØ-skulen dekkjer behovet for kompetanseutvikling for større grupper av tilsette knytte til den daglege drifta. I 2016 gjennomførte vi ei 360 graders leiarevaluering som blir følgd opp gjennom eit leiarutviklingsprogram som vil gå over fleire år.

## Etikk og haldningsskapande arbeid

DFØ har egne etiske retningslinjer som supplerer dei generelle retningslinjene som gjeld for heile statsforvaltninga. Vi har òg utarbeidd nye verdiar for DFØ som skal bidra til styring, leiing og utvikling av verksemda.

Mange tilsette, mellom anna dei nytilsette, har i 2016 delteke på kurs med dilemmatrening. Formålet med opplæringa er å redusere risikoen for misleghald og korrupsjon.

An aerial photograph of a winding asphalt road through a mountainous landscape. The road curves through green, rocky slopes. In the background, there are large, dark mountains with patches of white clouds or mist. The sky is filled with dramatic, grey and white clouds. The overall scene is a mix of natural beauty and infrastructure.

# DEL 5: VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER



## 5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

DFØ sin visjon om effektiv ressursbruk i staten er krevjande å leve opp til. Krava og forventingane til tenestene våre aukar i takt med nye teknologiske moglegheiter. Eksisterande kundar ønskjer fleire og utvida tenester. Nye og potensielle kundar legg vesentleg vekt på breidda i tenestene framfor snevre basistenester innanfor lønn og rekneskap. Det skaper utfordringar når DFØ skal bidra til å realisere stordriftsfordelar for staten. Samtidig skal desse utfordringane møtast innanfor strammare finansielle rammer for DFØ.

Målsetjinga om å søkje stordriftsfordelar for staten står fast. For å komme kundane våre i møte ønskjer DFØ å utnytte dei segmenta som veks fram for å tilpasse tenestetilbodet vårt til ulike grupperingar i staten. Døme på slike segment er universitets- og høgskulesektoren, politietaten og departementsfellesskapet. Ei vurdering av eksisterande tenestemodellar og utvikling av nye vil vere ein konsekvens av endra krav og forventingar.

Like viktig som å tiltrekke seg nye kundar er det å ta vare på dei eksisterande kundane. Vi vil utnytte resultatane frå dei gjennomførte fokusgruppene i 2016 til å arbeide vidare med å profesjonalisere kundeoppfølginga vår ytterlegare. Det gjeld både dialog, samarbeid og samskaping i samband med nye og brukarvennelege tenester. Vi ønskjer òg ein tettare dialog med kundane våre om korleis dei best kan realisere gevinstane ved å bli kundar i DFØ.

I åra som kjem, vil auka kundedialog og utvikling av eit framtidretta tenestetilbod vere nødvendig for at vi skal vere ein ettertrakta leverandør. Som ein del av brukarorienteringsarbeidet vårt har vi alt teke i bruk metodikk for tenestedesign. Gjennom dette vil vi setje kundane og brukarane i sentrum for utviklingsprosessane våre og sjå på heile tenestetilbodet frå deira perspektiv. Gode kundeopplevingar blir endå viktigare. Det stiller krav til ny kompetanse innanfor alle tenestekområda våre. Samtidig må vi heile tida vege omsynet til stordriftsfordelar opp mot behova til kundesegment eller enkeltkundar og mot valfridommen dei har når det gjeld å nytte lønns- og rekneskapstenestene våre. Omsynet til staten sitt samla behov for effektiv ressursbruk må vege tyngst.

DFØ har på få år gått frå å levere manuelle tenester til å bli ein reindyrka leverandør av digitale tenester. Vi har teke i bruk nye arbeidsmåtar og fått nye oppgåver. Dei standardiserte tenestene våre innanfor lønn, rekneskap og statsrekneskap er godt eigna for ytterlegare automatisering. Vi er i gang med å prøve ut nye teknologiske moglegheiter, mellom anna robotisert prosessautomatisering av avstemming på rekneskapsområdet. Vi ser òg på nye plattformer og teknologiske løysingar for å ta i bruk kunstig intelligens i kundesentera. Dette er viktige satsingsområde for å sikre at DFØ kan levere tenester på ein endå betre og meir framtidretta måte. Utprøving og utnytting av slik ny teknologi krev tett og god dialog med medarbeidarane og medbestemmingsapparatet.



Utviklinga i norsk økonomi stiller større krav til effektiv ressursbruk på alle område, ikkje berre innanfor lønn og rekneskap. Utgangspunktet for effektiv ressursbruk er val av rett tiltak for å løyse eit problem. På dette området vil DFØ som forvaltar av utgreiingsinstruksen ha ei viktig oppgåve i åra framover. Vi ønskjer å bidra til å gi forvaltinga endå betre kompetanse til å gjennomføre gode utgreiingar og utarbeide gode avgjerdsgrunnlag. DFØ har òg ei rolle i arbeidet med å gjennomføre vedtekne tiltak og realisere potensielle gevinstar i statsforvaltinga. Vi vil halde fram med å arbeide for auka kompetanse om god styring som legg vekt på mål, resultat og tillit mellom departement og underliggjande verksemdar.

Ei effektiv statsforvaltning krev samarbeid mellom dei statlege verksemdene og ein felles innsats for å hente ut gevinstar for staten. For DFØ er samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) særleg viktig. Med grenseflater på fleire fagområde har DFØ og Difi eit felles behov for å gi brukarane ei klar og tydeleg forståing av kven som har ansvar for dei ulike områda, og korleis arbeidsdelinga mellom verksemdene er. I tillegg til fagleg samarbeid på forvaltingsområdet ser vi no eit aukande behov for teknologisk samarbeid på nye område som mellom anna e-handel og statleg innkjøp.

DFØ er godt organisert for å levere gode tenester som er tilpassa framtidige krav til effektivitet og felles behov. Samla sett meiner vi at DFØ står godt rusta til å møte nye utfordringar i statsforvaltinga i åra som kjem.

A scenic mountain landscape at sunset. The sky is a warm, golden yellow, and the sun is low on the horizon, casting a soft glow over the scene. In the foreground, a lush green meadow is filled with tall grass and small white flowers. Several sheep are grazing in the meadow, some standing and some lying down. In the background, there are rolling hills and mountains, some with patches of snow or light-colored rock. The overall atmosphere is peaceful and serene.

# DEL 6: ÅRSREKNESKAP

---





## ÅRSREKNESKAP 2016 – LEIINGSKOMMENTAR

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er eit bruttobudsjettert forvaltingsorgan under Finansdepartementet (FIN). Som statleg ekspertorgan skal DFØ med utgangspunkt i regelverket for økonomistyring leggje til rette for god styring i staten. Den unike rolla til DFØ er å dekkje statens behov for ei heilskapleg tilnærming til området.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet.

Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda, av dei rekneskapsførte utgiftene, inntektene og eigedelane og av den rekneskapsførte gjelda.

DFØ har i samråd med Finansdepartementet bestemt at vi skal føre og rapportere verksemdsrekneskapen i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane. Årsrekneskapen skal vere eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året og for eigedelane og gjelda til verksemda.

Årsrekneskapen er vurdert til å gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året og for eigedelane og gjelda til verksemda.

### Vesentlege forhold ved årsrekneskapen

#### Omstilling i DFØ

I 2014 og 2015 gjennomførte DFØ omstillinga som samla lønns- og rekneskaps-tenestene i høvesvis Stavanger og Trondheim. Det førte til ekstraordinære kostnader i denne perioden. Gevinsten frå denne omstillinga er teken ut frå 2016 og 2017.

1. juli 2016 overtok vi oppgåver og tilsette frå lønns- og rekneskapstenestene i DSS, og vi har fått auka kostnader i 2016 som følgje av denne omstillinga. Gevinsten blir teken ut frå 2018.

### **Tildeling**

Den samla tildelinga til DFØ var på 419 millionar kroner. I tillegg har DFØ hatt meirinntekter, fått belastingsfullmakt frå DSS og fått refusjonar frå Nav. Det har auka den totale disponible ramma for DFØ til 455 millionar kroner.

### **Mindreforbruk av tildelinga**

DFØ har eit mindreforbruk av ordinære midlar på 10,9 millionar kroner. Mindreforbruket er knytt til tredjepartskostnader i lønns- og rekneskapssystemet (3,4 millionar kroner), ubrukte midlar som er overførte frå DSS i samband med at vi overtek lønns- og rekneskapsoppgåver for departementa (2,5 millionar kroner), og ordinære driftsmidlar (5,1 millionar kroner).

Mindreforbruk av midlar på 45-posten gjeld e-handel (7,1 millionar kroner) og utviklingsmidlar (4,2 millionar kroner).

DFØ er tildelt midlar over Finansdepartementets kapittel 1608 til å finansiere oppdraga med vurdering av Evalueringsportalen, publisering av data frå statsrekneskapen og tiltak for betre gevinstrealisering. Samla mindreforbruk er 785 000 kroner. Sjå note C-F for å få ei nærmare forklaring på mindreforbruket.

### **Lønn og sosiale kostnader**

Det er bokført 285 millionar kroner i lønn og sosiale kostnader. Det utgjer 60 prosent av dei totale kostnadene i 2016. Kostnader til lønn har auka med 2 prosent samanlikna med 2015.

### **Utbetaling til investeringar**

Det er utbetalt til saman 32 millionar kroner til investeringar i 2016. Dei største utbetalingane gjeld utvikling av og lisensar knytte til DFØ-appen, CRM-systemet, nytt faktura- og innkjøpssystem, investering i Microsoft-lisensar og utvikling av publiseringsløysing for statsrekneskapen.

### **Mellomvære**

Mellomvære med statskassen utgjorde ved årsslutt 10,2 millionar kroner. Det er 1,5 millionar kroner høgare enn i 2015, noko som kjem av at vi har overteke ansvar og oppgåver frå DSS.

## 6. ÅRSREKNESKAP

### **Revisjonsordning**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for DFØ.  
Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Revisjonsmeldinga skal  
liggje føre innan 1. mai 2017.

Oslo, 13. mars 2017



Roger Bjerke  
fung. direktør

## PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNESKAPEN

Rekneskapen er utarbeidd og avlagd etter retningslinjer som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten (føresegnene). Han er ført i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og krav som Finansdepartementet har fastsett. Nedanfor er ein eigen prinsippnote for verksemdsrekneskapen, som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa, og ein nedre del som viser behaldningane verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2, dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Regnskapet følger kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

DFØ er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgangen til nytt år.

### Løyvingsrapportering

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstala som DFØ har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten blir stilt opp etter kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som DFØ har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva DFØ har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter som DFØ står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Note C–E viser forbruk av løyvinga, og note F viser forbruk av midlar som Finansdepartementet har stilt til rådvelde innanfor eige kapittel.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitlet/posten til ei anna verksemd (belastingsfullmakter) kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

DFØ fekk i 2016 fullmakt frå DSS til å belaste rekneskapen deira (belastingsfullmakt). Utgiftene som fullmakta skal finansiere, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap. Sjå spesifisering i note B og G.

### Artskontorrapportering

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som DFØ har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. DFØ har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje tekne med som inntekt i oppstillinga.



**Oppstilling av løvingsrapportering, 31.12.2016**

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meir (-) og mindreutgift
1605	Direktoratet for økonomistyring	01	Driftsutgifter	A,B,C	376 660 000	368 328 417	8 331 583
1605	Direktoratet for økonomistyring	45	Større utstyrsan- skaffingar og vedlikehald	A,B,E	33 372 000	22 099 873	11 272 127
1608	Finansdepartementet	21	Spesielle driftsutgifter	A,B,F	8 940 000	8 155 124	784 876
0510	Departementenes sikkerhets- og serviceorg. (DSS)	01	Driftsutgifter	G		23 122 309	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			31 376 451	
<i>Sum utgiftsført</i>					418 970 000	453 082 174	

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meir- og min- dreinntekt (-)
4605	Direktoratet for økonomistyring	01	Økonomitjenester	B,C,D	76 800 000	79 443 777	-2 643 777
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29				495 602	
5700	Folketrygda sine inntekter, arbeidsgivaravgift	72				29 513 360	
<i>Sum inntektsført</i>					76 800 000	109 452 738	

**Netto rapportert til løvingsrekneskapen****343 629 436****Kapitalkontoar**

60086301	Norges Bank KK /innbetalingar					88 861 219	
60086302	Norges Bank KK/utbetalingar					-431 038 623	
716010	Endring i mellomvære med statskassen					-1 452 032	

*Sum rapportert* 0**Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)**

Konto	Tekst	2016	2015	Endring
716010	Mellomvære med statskassen	-10 216 240	-8 764 208	-1 452 032

**Note A Forklaring på samla tildeling**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
160501	13 962 000	362 698 000	376 660 000
160545	8 672 000	24 700 000	33 372 000
160821	0	8 940 000	8 940 000

**Note B B Forklaring på brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til 2017**

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/mindreutgift	Meirutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter(-) etter meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
160501 /460501		8 331 583	8 331 583	2 643 777	10 975 359	18 135 000	10 975 359
160545	«kan oveførast»	11 272 127	11 272 127	0	11 272 127	40 600 000	11 272 127
051001		558 691	558 691	0	0	0	0
160821		784 876	784 876	0	0	0	0

**Forklaring på bruk av budsjettfullmakter**

*Stikkordet «kan overførast»*

DFØ si løyving på post 45 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet stammar frå tildelingar som er gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lét beløpet inngå som ein del av det overførte beløpet.

*Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter*

DFØ har brukt meirinntekter som er rapporterte på kapittel/post 460501 til å dekkje meirutgifter under driftsposten 160501. Meirinntektene er på til saman 2,6 millionar kroner.

*Mogleg overførbart beløp*

Den ubrukte løyvinga til DFØ på kapittel/post 160501, inkludert fullmakt til å bruke meir enn utgifter/driftsløyving, er på 10,98 millionar kroner. Dette beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent. DFØ søker om at heile beløpet skal overførast til neste år.

Den ubrukte løyvinga til DFØ på kapittel/post 160545 er på 11,27 millionar kroner. Heile dette beløpet kan overførast, og DFØ søker om at heile beløpet blir overført til neste år.

Den ubrukte løyvinga til DFØ på FINs kapittel/post 160821 og STDs kapittel/post 051001 kan ikkje overførast. Note F og G gir ei nærmare forklaring på fullmaktene.

**Note C Vurdering av budsjettsituasjon – ordinære driftsmidler (i 1 000 kr)**

Kap	Kapittelnamn	Post	Samla tildeling for 2016	Rekneskap 2016	Avvik tildeling/rekneskap
1605	Direktoratet for økonomistyring	01	376 660	368 328	8 332
4605	Direktoratet for økonomistyring	01	-76 800	-79 444	2 644
<b>Sum ordinære midler</b>			<b>299 860</b>	<b>288 885</b>	<b>10 975</b>

**Forklaring på netto mindretgift (10,975 millioner kroner):**

*Tredjepartskostnader knytte til lønns- og rekneskapssystemet 3,4 millioner kroner*  
Vi planlegg for at inntekter skal bli lik utgifter, men innanfor det enkelte året kan det vere utfordrande å få til. Vi tek omsyn til eventuelle ubrukte midlar eller ei meirutgift ved årsslutt når vi fastset prisen til kundane neste år.

*Ubrukte midlar som er overførte frå DSS 2,5 millioner kroner*  
DFØ overtok lønns- og rekneskapsoppgåver for departementa og tilsette frå DSS 1. juli i 2016.

*Ordinære driftsmidler 5,1 millionar kroner*  
Mindreforbruket av ordinære midlar utgjer vel 1,5 prosent av det ordinære budsjettet til DFØ (ekskl. utgifter som blir finansierte med direkte betaling frå kundane).

*Meirinntekter (2,644 millioner kroner)*  
Inntekta blei 2,6 millionar kroner høgare enn tildelinga. Årsaka til det er i hovudsak ei endring i kundemassen / ei endring i avtalar med kundar. Det blir dekt opp av tilsvarande utgift. Sjå note D for spesifikasjon av inntektene.

**Note D Spesifikasjon av inntekter (i 1000 kr)**

Type inntekter	Rekneskap 2016
Betaling for fakturabehandling, programvarevedlikehald o.a.	42 307
Direkte betaling frå kundar som ikkje kan overføre ramme til oss*	33 656
Styringskonferansen, kundeforum og undervisningsoppdrag	3 285
Diverse inntekter	196
<b>Sum inntekter</b>	<b>79 444</b>

\*Finansieringsform er normalt rammeoverføring.

<b>Note E Vurdering av budsjettsituasjon – større utstyrsanskaffingar (i 1 000 kr)</b>						
<b>Kap</b>	<b>Kapitteltekst</b>	<b>Post</b>	<b>Formål</b>	<b>Samla tildeling for 2016</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Avvik samla tildeling/rekneskap</b>
1605	Direktoratet for økonomistyring	45	E-handel	17 389	10 290	7 099
1605	Direktoratet for økonomistyring	45	Utviklingsmidlar	15 983	11 823	4 160
<b>Sum større utstyrsanskaffingar</b>				<b>33 372</b>	<b>22 113</b>	<b>11 259</b>

**Forklaring på mindreutgift:**

*E-handel*

7,1 millionar kroner av mindreforbruket gjeld e-handel. Vi kjøpte nytt faktura- og innkjøpssystem i 2016, og implementeringskostnaden vil fordele seg over perioden 2016–2019.

*Utviklingsmidlar*

Mindreforbruk knytt til utviklingsmidlane utgjør 4,2 millionar kroner. Det kjem i hovudsak av at delar av utbetalingane i prosjekta DFØ-appen og Vidareutvikling av e-skjemaløysinga kjem i 2017. I tillegg er tiltaket Betalingsløsning for nettbetaling og -handel utsett til 2017.

<b>Note F Vurdering av budsjettsituasjon – FINs kapittel 1608 (i 1 000 kr)</b>						
<b>Kap</b>	<b>Kapitteltekst</b>	<b>Post</b>	<b>Formål</b>	<b>Samla tildeling for 2016</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Avvik tildeling/rekneskap</b>
1608	Finansdepartementet	21	Evaluering av evalueringportal	540	482	58
1608	Finansdepartementet	21	Publisering av data frå statsrekneskapen	7 900	7 633	267
1608	Finansdepartementet	21	Tiltak for betra gevinstrealisering	500	40	460
<b>Sum kapittel 1608</b>				<b>8 940</b>	<b>8 155</b>	<b>785</b>

### Forklaring av mindreutgift:

#### *Evaluering av Evalueringsportalen*

Restbeløpet på kr 58 000 gjeld midlar til arrangement knytte til lansering av rapporten som ikkje blei gjennomførte.

#### *Publisering av data frå statsrekneskapen*

Mindreforbruket på 267 000 kroner gjeld lågare utgifter til software-lisensar og mindre bruk av konsulentar. Det er behov for midlane i 2017.

#### *Tiltak for betre gevinstrealisering*

Midlane var tiltenkte arrangement innanfor gevinstrealisering og utvikling av e-læringskurs. Fordi tildelinga kom seint på året, var det berre kr 40 000 av midlane som blei brukte.

<b>Note G Vurdering av budsjettsituasjon - DSSs kapittel 0510 (i 1 000 kr)</b>						
<b>Kap</b>	<b>Kapitteltekst</b>	<b>Post</b>	<b>Formål</b>	<b>Motteken fullmakt</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Forskjell motteken/brukt</b>
0510	Departementenes sikkerhets- og serviceorg. (DSS)	01	Overføring av lønns- og rekneskapstester	23 681	23 122	559
<b>Sum kapittel 0510</b>				<b>23 681</b>	<b>23 122</b>	<b>559</b>

### Forklaring på forskjell på motteken/brukt:

Kroner 559 000 var alt betalte frå DSS til DFØ då vi fekk belastingsfullmakta, og vi bokførte dermed tilsvarande mindre på DSSs kapittel/post.

<b>Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2016</b>		
	<b>2016</b>	<b>2015</b>
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		
— Sals- og leigeinnbetalinger	79 443 777	53 152 530
— Andre innbetalinger	0	92 741
<i>Sum innbetalinger frå drift</i>	79 443 777	53 245 271
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		
— Utbetalinger til lønn	240 650 217	238 571 510
— Andre utbetalinger til drift	148 928 441	136 533 256
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	389 578 658	375 104 766
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>	<b>310 134 881</b>	<b>321 859 495</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		
— Innbetaling av finansinntekter	802	3 658
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	802	3 658
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		
— Utbetaling til investeringar	32 120 384	15 587 434
— Utbetaling av finansutgifter	7 483	603 184
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	32 127 867	16 190 618
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>	<b>32 127 065</b>	<b>16 186 960</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		
— Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m,m,	0	0
<i>Sum innkrevjingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>	0	0
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		
— Utbetalinger av tilskot og stønadar	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>	0	0
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>		
— Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref.kap. 5309, inntekt)	495 602	487 833
— Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref.kap 5700, inntekt)	29 513 360	28 825 460
— Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	31 376 451	24 674 746
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	1 367 490	-4 638 547
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>	<b>343 629 436</b>	<b>333 407 908</b>
<b>Oversikt over mellomvære med statskassen</b>		
— Eigedelar og gjeld	<b>2016</b>	<b>2015</b>
— Fordringar	193 556	196 713
— Skyldig skattetrekk	-10 444 457	-8 914 668
— Skyldige offentlege avgifter	18 271	-96 222
— Anna gjeld	16 390	49 969
<b>Sum mellomvære med statskassen</b>	<b>-10 216 240</b>	<b>-8 764 208</b>

## Rekneskapsprinsipp – verksemdsrekneskap avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

DFØ har i samråd med Finansdepartementet vedteke at DFØ skal føre og rapportere verksemdsrekneskapen sin i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), i tillegg til ordinær rapportering etter kontantprinsippet.

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

### **Prinsippendringar og endring av samanlikningstal**

Dei statlege rekneskapsstandardane blei oppdaterte i august 2015 med verknad frå 1. januar 2016.

#### *Motsatt samanstilling*

Inntekt frå løyving skal inntektsførast i samsvar med prinsippet om motsett samanstilling også ved slutten av året. Det følgjer av endringar i SRS 10 Inntekt frå løyvingar. Tidlegare blei heile løyvinga inntektsført ved slutten av året, uavhengig av om ho var nytta eller ikkje.

Resultatet frå i fjor og avrekninga med statskassen er presentert som samanlikningstal i ein ny oppstillingsplan.

#### *Statens kapital*

Statens kapital er oppretta som eit nytt avsnitt på gjeldssida i balansen. Statleg finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar og avrekningar er omklassifiserte frå gjeld til statleg kapital.

For denne prinsippendringa er samanlikningstala omarbeidde ved at rekneskapslinjene for tidlegare ikkje inntektsførte løyvingar knytte til anleggsmidlar og avrekningar er flytta til det nye avsnittet om statens kapital.

### **Transaksjonsbaserte inntekter**

Ei inntekt blir resultatført når ho er opptent. Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Sal av tenester blir inntektsførte i takt med utføringa.

DFØ sel ikkje varer.

### **Inntekter fra bevilgning og overføringer**

Inntekt frå løyvingar og overføringer blir resultatført i den perioden då aktivitetane som inntektene skal finansiere, er utførte, det vil seie i den perioden kostnadane kjem på (motsett samanstilling). Prinsippet om motsett samanstilling er òg nytta ved slutten av året i samsvar med SRS 10 Inntekt frå løyvingar.

Den delen av inntekt frå løyvingar som blir nytta til å skaffe immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar som skal balanseførast, blir ikkje inntektsført på anskaffingstidspunktet, men blir avsett i balansen på rekneskapslinja «Statleg finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar».

I takt med kostnadsføringa av avskrivningar av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar blir eit tilsvarende beløp frå avsetninga for statleg finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar inntektsført. Periodens inntektsføring frå avsetninga blir resultatført som inntekt frå løyvingar. Det medfører at kostnadsførte avskrivningar inngår i driftskostnadene til verksemda utan å få resultatteffekt.

### **Kostnader**

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same perioden som den tilhøyrande inntekta.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at aktivitetane blir utførte.

### *Pensjonar*

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Det er derfor ikkje utført berekning eller avsetjing for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordninga som svarer til NRS 6. Årets pensjonskostnad svarer derfor til det årlege premiebeløpet til Statens pensjonskasse (SPK). For verksemder som ikkje betaler premie til SPK, men der denne er dekt av ei samla løyving frå staten til SPK, er ein sjablongsats for berekning av pensjonspremien lagd til grunn. Denne baserer seg på det beste estimatet for verksemda. Sjå òg note 2 for å få ei meir detaljert beskriving av tilnæringsmetoden.

### **Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar**

Anleggsmidlar er varige og viktige eigedelar som verksemda disponerer. Med varig meiner ein utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med viktig meiner ein enkeltstående anskaffingar (kjøp) med anskaffingskost på 30 000 kroner eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskost minus avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseførte som egne grupper.

Anleggsmidlar blir nedskrivne til den verkelege verdien ved ei eventuell bruksendring dersom den verkelege verdien er lågare enn den balanseførte verdien

### *Immaterielle eigedelar*

#### Immaterielle eigedelar med avskrivingsperiode på 15 år

DFØ driftar og forvaltar lønns- og rekneskapsystem som blir nytta av statlege verksemder som har avtale med DFØ som leverandør. Det gjeld systema SAP, Agresso, Basware og Contempus. Systema er berekna til å ha ei levetid på 15 år. Det avvik frå tilrådd levetid i SRS 17, men blir rekna som ei realistisk levetid for denne typen system.

#### Immaterielle eigedelar med avskrivingsperiode på 5 år

Består av standard programvare og eigenutvikla system.



### *Anlegg under arbeid*

Blir vurdert ved overgangen til nytt år og blir eventuelt omgruppert til rett eide-  
delsklasse. Anlegg under arbeid blir ikkje avskrive

### Varige driftsmidlar

DFØ aktiverer følgjande eigedelar samla (pool):

- stasjonære og berbare PC-ar
- projektorar
- inventar

Driftsmidlane er balanseførte og blir avskrivne over forventa levetid. For å ut-  
likne resultatverknaden av avskrivningar blir ei tilsvarande inntekt som redu-  
serer plikta som blei etablert på investeringstidspunktet, bokført. Ved sal eller  
avgang av driftsmidlar blir rekneskapsmessig gevinst eller tap resultatført. Den  
resterande bokførte verdien av anleggsmidelen på realisasjonstidspunktet blir  
inntektsført.

### **Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan  
eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggs-  
midlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.  
Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande. DFØ  
har berre fakturering av andre statlege verksemder, og erfaringane tilseier at  
alle krav blir innfridde. Ut frå ei totalvurdering av dei uteståande krava blir det  
ikkje avsett for forventa tap.

### Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten av rekne-  
skapsåret. Her er Noregs Bank sin spotkurs per 31.12. lagd til grunn.

### **Statens kapital**

Statens kapital består av verksemdskapital, avrekningar og statleg finansi-  
ering av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar i samsvar med SRS 1  
Oppstillingsplanar for resultatrekneskap og balanse. Avsnittet viser den samla  
statlege finansieringa av verksemda.

### *Avrekningar*

For DFØ er nettobeløpet av alle balansepostar, med unntak av immaterielle eige-  
delar og varige driftsmidlar, finansiert av avrekna med statskassen. DFØ presen-  
terer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane  
inngår i avrekna med statskassen.

*Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar*

Den balanseførte verdien av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar har motpost i rekneskapslinja «Statleg finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar».

**Kontantstraumoppstilling**

DFØ har ikkje utarbeidd kontantstraumoppstilling. Tilnærma lik informasjon er presentert i artskontorrapporteringa som ein del av årsrekneskapen.

**Statlege rammevilkår**

*Sjølvassurandørprinsippet*

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgjeleg ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapen som reflekterer forsikringskostnader eller plikter.

*Statens konsernkontoordning*

Statlege verksemder er omfatta av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likvidar gjennom året. Verksemdene har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank ved overgangen til nytt rekneskapsår.

**Nummerering av notar**

DFØ nyttar den same nummereringa av notar som i malverket til DFØ. Notar som ikkje er aktuelle for DFØ, kjem ikkje fram.

<b>Resultatrekneskap</b>			
	<b>Note</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
— Inntekt fra løyvingar*	1	393 577 586	403 424 068
— Sals- og leigeinntekter	1	80 512 394	52 939 876
— Andre driftsinntekter	1	0	71 149
<i>Sum driftsinntekter</i>		474 089 980	456 435 094
<b>Driftskostnader</b>			
— Lønnskostnader	2	285 830 872	280 304 396
— Avskrivninger på varige driftsmidlar og immaterielle egedelar	3,4	38 941 138	35 249 029
— Nedskrivninger på varige driftsmidlar og immaterielle egedelar	3,4	30 177	0
— Andre driftskostnader	5	149 281 112	140 282 143
<i>Sum driftskostnader</i>		474 083 299	455 835 568
<b>Driftsresultat</b>		<b>6 681</b>	<b>599 526</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
— Finansinntekter	6	802	3 658
— Finanskostnader	6	7 483	603 184
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-6 681	-599 526
<b>Resultat av aktivitetane i perioden</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Avrekningar og disponeringar</b>			
— Avrekning med statskassen (bruttobudsjetterte)		0	0
<i>Sum avregningar</i>		0	0
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0

\* Samanlikningstala for 2015 er omarbeidde i samsvar med oppdatert SRS 10 av august 2015 som seier at verksemdene skal følgje prinsippet om motsett samanstilling også ved slutten av året.

<b>Balanse</b>			
	<b>Note</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>I Immaterielle egedelar</b>			
— Programvare og liknande rettar	3	144 604 127	143 292 564
— Immaterielle egedelar under utføring	3	4 779 507	7 519 343
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		149 383 634	150 811 907
<b>II Varige driftsmidler</b>			
— Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	5	19 614 168	26 153 667
— Anlegg under utføring	5	0	230 706
<i>Sum varige driftsmidler</i>		19 614 168	26 384 373
<b>III Finansielle anleggsmidler</b>			
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		0	0
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>168 997 802</b>	<b>177 196 281</b>
<b>B. Omløpsmidlar</b>			
<b>I Vare- og driftsmateriellager</b>			
<i>Sum vare- og driftsmateriellager</i>		0	0
<b>II Fordringar</b>			
— Kundefordringar	12	1 128 780	61 763
— Andre fordringar	14	20 865 352	17 543 128
<i>Sum fordringar</i>		21 994 132	17 604 891
<b>III Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
<i>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</i>		0	0
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>21 994 132</b>	<b>17 604 891</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>190 991 934</b>	<b>194 801 172</b>

<b>Balanse</b>			
	<b>Note</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<b>VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Statens kapital</b>			
<b>I Verksemdskapital</b>			
<b>II Avrekninger</b>			
— Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	-34 955 045	-29 869 527
<i>Sum avrekninger</i>		-34 955 045	-29 869 527
<b>III Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidler</b>			
— Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidler	3,4	168 997 802	177 196 281
<i>Sum statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidler</i>		168 997 802	177 196 281
<b>Sum statens kapital</b>		<b>134 042 757</b>	<b>147 326 754</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetjing for langsiktige plikter</b>			
<b>II Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
— Leverandørgjeld		3 235 446	1 538 380
— Skyldig skattetrekk		10 444 457	8 914 668
— Skyldige offentlege avgifter		5 376 866	4 529 342
— Avsette feriepenger		24 415 340	21 914 398
— Anna kortsiktig gjeld	16	13 477 068	10 577 631
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		56 949 177	47 474 418
<b>Sum gjeld</b>		<b>56 949 177</b>	<b>47 474 418</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld</b>		<b>190 991 934</b>	<b>194 801 172</b>

## 6. ÅRSREKNESKAP

<b>Note 1 Driftsinntekter</b>		<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>		
<b>Inntekt fra løyvingar</b>					
Årets løyving frå overordna departement 160501, 460501*		291 425 159	291 279 579		
Årets løyving frå departement 160521*		0	1 748 210		
Årets løyving frå departement 160545*		24 700 000	24 895 000		
Årets løyving frå departement 160821*		8 156 837	312 416		
Årets løyving frå andre departement, belastingsfullmakt*		23 104 405	25 858 000		
- brutto nytta til investeringar i immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar		-31 966 620	-15 859 092		
- ubrukt løyving til investeringsformål (post 30-49)*		-2 954 722	-808 563		
+ utsett inntekt frå avsetjing knytt til investeringar (avskrivningar)		38 971 314	35 249 029		
+ utsett inntekt frå avsetjing knytt til investeringar (bokført verdi avhenda anleggsmidlar)		1 193 785	21 592		
+ inntekt til å dekkje pensjonskostnader**		40 947 429	40 727 897		
<i>Sum inntekt frå løyvingar</i>		<b>393 577 587</b>	<b>403 424 068</b>		
<i>*Svarer til kolonnen "Periodiseringsprinsippet inntektsført løyving" i tabellen nedst.</i>					
<i>**Blir brukt av verksemder som får dekt arbeidsgivardelen av pensjonen via samla løyving til SPK.</i>					
<b>Sum inntekt frå tilskot og overføringar</b>					
<i>Sum inntekt frå tilskot og overføringar</i>		0	0		
<b>Sum inntekt frå gebyr</b>					
<i>Sum inntekt frå gebyr</i>		0	0		
<b>Sals- og leigeinntekter</b>					
Salsinntekt tenester, avgiftspliktig		77 581 891	49 887 930		
Inntekter frå undervisningsoppdrag		2 930 503	3 051 947		
<i>Sum sals- og leigeinntekter</i>		<b>80 512 394</b>	<b>52 939 877</b>		
<b>Andre driftsinntekter</b>					
Gevinst ved avgang av anleggsmidlar		0	71 149		
<i>Sum andre driftsinntekter</i>		0	71 149		
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>474 089 980</b>	<b>456 435 094</b>		
<b>Grunnlag for å inntektsføre utgiftsløyving</b>					
	<b>Kontantprinsippet</b>			<b>Periodiseringsprinsippet</b>	
<b>Kapittel og post</b>	<b>Utgiftsløyving (samla tildeling)</b>	<b>Inntektsløyving</b>	<b>Rapportert inntekt</b>	<b>Maksimalt berekna grunnlag for inntektsføring</b>	<b>Inntektsført løyving</b>
160501/460501	376 660 000	76 800 000	79 443 777	299 860 000	291 425 159
160545	33 372 000			33 372 000	21 745 278
160821	8 940 000			8 940 000	8 156 837
Belastningsfullmakt	23 681 000			23 681 000	23 104 405
<b>Sum</b>				<b>365 853 000</b>	<b>344 431 679</b>

Denne tabellen viser mottekne løyvingar etter kontantprinsippet samanlikna med inntektsførte løyvingar i verksemdsrekneskapen etter periodiseringsprinsippet. Kolonnen for utgiftsløyving består av løyvingar som er overførte frå sist budsjettår, og årets løyvingar, med fråtrekk for avgitte belastingsfullmakter. Kolonnen for inntektsløyving viser eventuelle inntektskrav, og beløpet reduserer grunnlaget for inntektsføring. Kolonnen for rapportert inntekt viser inntekter som er rapporterte til statsrekneskapen ved slutten av året. Ved utrekning av maksimalt grunnlag for inntektsføring er utgiftsløyvinga redusert med det lågaste av beløpa i kolonnen for høvesvis inntektsløyving eller rapportert inntekt. Inntektsført løyving i verksemdsrekneskapen kan normalt ikkje vere over beløpet som går fram i kolonnen «Maksimalt berekna grunnlag for inntektsføring». Inntektsført løyving i verksemdsrekneskapen følgjer prinsippet om motsett samanstilling. Det vil seie at inntekt frå løyving blir stilt opp saman med påkomne kostnader i perioden. Mottekne belastingsfullmakter er inntektsførte med trekt beløp. Konto 390 Inntekter frå løyving til ordinær drift, konto 392 Inntekter frå løyving til investering og konto 394 Ubrukt investeringsløyving utgjer kolonnen for inntektsført løyving (periodiseringsprinsippet).

<b>Note 2 Lønnskostnader</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Lønn	200 312 847	194 119 690
Feriepenger	24 084 588	23 738 820
Arbeidsgiveravgift	35 379 620	33 896 801
Pensjonskostnader	31 696 388	31 685 546
Sjukepenger og andre refusjoner (-)	-9 944 277	-7 266 442
Andre ytingar	4 301 705	4 129 982
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>285 830 872</b>	<b>280 304 396</b>
<b>Antall årsverk:</b>	<b>351</b>	<b>346</b>

Årsverk er definert som den ressursinnsatsen som dei tilsette i DFØ har utført i perioden 1.1.–31.12 det aktuelle året. Det var fleire årsverk i 2016 enn tidlegare år. Det kjem av overføringa av tilsette og oppgåver frå DSS og av ein auke i kundemassen og oppgåvene. Sjå ei nærmare beskriving i kapittelet om bemanning og personalforvaltning.

<b>Lønnskostnad per tenesteområde</b>		
Rekneskap	80 905 895	78 853 384
Lønn	113 466 389	116 834 582
Forvaltning og analyse	38 187 297	36 471 409
Administrasjon	53 271 291	48 145 021
<b>Sum</b>	<b>285 830 872</b>	<b>280 304 396</b>

Endringa for administrasjonen kjem i hovudsak av at oppsamla fleksitid og uavvikla ferie er bokført her. I 2015 blei dette bokført der dei tilsette arbeidde. Årsaka til endringa er at desse dataa ikkje blir overførte automatisk frå lønns- til

rekneskapssystemet, og det er dermed effektiviserande å bokføre på den overordna koststaden. Leiarar følgjer opp ferie- og fleksitida til dei tilsette ved rapportar frå lønnsportalen.

Årsaka til at lønnskostnaden for lønnstenesta var høgare i 2015, er at det var auka bemanning i omstillingsperioden.

#### Sjukepengar og andre refusjonar

Endringa kjem av at vi frå 2016 har bokført påkomne NAV-refusjonar. I tillegg er ein refusjon som gjeld 2015, ved ein feil inntektsført i verksemdsrekneskapen for 2016. Dette er knytt til periodiseringskontoar og påverkar ikkje kontantrekneskapen.

#### Pensjonskostnader

DFØ betaler ikkje sjølv pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK), og kostnaden til premie er heller ikkje dekt av løyvinga vår. Premien blir finansiert ved ei samla løyving frå staten til SPK. I rekneskapen er det lagt til grunn ein estimert sats for berekning av pensjonskostnader. SPK har estimert premiesatsen for 2016 til 15,1 prosent. I 2015 var premiesatsen 15,55 prosent.

Pensjonane er kostnadsførte basert på denne satsen multiplisert med det oppsamla pensjonsgrunnlaget i verksemda. Vi viser elles til note 1 om resultatføring av inntekter til å dekkje pensjonskostnader (resultatnøytral løysing).

#### Note 3 Immaterielle eigedelar

	Rettigheter og lignende rettigheter	Immaterielle eiendeler under utførelse	Sum
Anskaffingskost 1.1.2016*	290 591 951	7 750 050	298 342 001
Tilgang i året 2016*	23 699 462	2 841 889	26 541 351
Avgang anskaffingskost i året 2016**	-4 320 472	0	-4 320 471
Frå immaterielle eigedelar under utføring til ei anna gruppe i 2016***	5 812 432	-5 812 432	0
<b>Anskaffingskost 31.12.2016</b>	<b>315 783 373</b>	<b>4 779 507</b>	<b>320 562 880</b>
Akkumulerte avskrivningar 1.1.2016****	147 299 388	0	147 299 388
Ordinære avskrivningar i året 2016**	27 710 168	0	27 710 168
Akkumulerte avskrivningar avgang i året 2016 **	-3 830 310		-3 830 310
<b>Balanseført verdi 31.12.2016</b>	<b>144 604 127</b>	<b>4 779 507</b>	<b>149 383 634</b>

Systema SAP, Agresso, Basware og Contempus blir avskrivne over 15 år, andre over 5 år.

\*To anlegg som låg under immaterielle eigedelar under utføring i den inngåande balansen 2016, er aktiverte per andre tertial



\*\*Avgang anskaffingskost og akkumulerte avskrivningar avgang består av lisensar og programvare som ikkje lenger blir nytta etter omstillinga på lønns- og rekneskapsområdet.

\*\*\* Dette gjeld IAM-prosjektet som er avslutta og sett i ordinær drift i 2016. Det er aktivert og blir avskrive over fem år.

\*\*\*\*Ein gjennomgang av anleggsverdirekneskapen viste at ein del anlegg frå perioden 2011–2016 ikkje hadde begynt avskrivningar på ordinær måte. Avskrivningar for desse åra er bokførte i 2016 og utgjer kr 5 112 072.

<b>Note 4 Varige driftsmidler</b>		
	<b>Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.</b>	<b>Sum</b>
Anskaffingskost 1.1.2016	73 839 840	73 839 840
Tilgang i året	5 425 270	5 425 270
Avgang anskaffingskost (-)*	-18 915 048	-18 915 048
<b>Anskaffingskost</b>	<b>60 350 062</b>	<b>60 350 062</b>
Nedskrivningar i året	30 177	30 177
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2016	47 686 172	47 686 172
Ordinære avskrivningar i året**	11 230 970	11 230 970
Akkumulerte avskrivningar avgang i året*	-18 211 425	-18 211 425
<b>Balanseført verdi 31.12.2016</b>	<b>19 614 168</b>	<b>19 614 168</b>
Avskrivingssatsar (levetider)	3-15 år lineært	
<b>Avhending av varige driftsmidler i 2016:</b>		
Salssum ved avgang anleggsmidler	0	0
- Bokført verdi avhenda anleggsmidler	703 623	703 623
= Rekneskapsmessig tap	703 623	703 623

\* I samband med omstillinga innanfor lønns- og rekneskapstenesta, og nedlegging av kontorstader, har vi kassert driftsmidler som ikkje kunne brukast om igjen.

\*\*Ein gjennomgang av anleggsverdirekneskapen viste at ein del anlegg frå perioden 2011–2016 ikkje hadde begynt avskrivningar på ordinær måte. Avskrivningar for desse åra er bokførte i 2016 og utgjer kr 3 844 142.

<b>Note 5 Andre driftskostnader</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Husleige	29 532 071	30 271 703
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	102 362	274 532
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	8 596 854	10 029 668
Leige av maskiner, inventar og liknande	13 652 877	10 022 343
Mindre utstyrskaffingar	1 889 112	827 384
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr o.a.	32 027 870	30 841 669
Kjøp av framande tenester	35 845 616	29 902 516
Reiser og diett	8 611 390	8 931 770
Øvrige driftskostnader	19 022 960	19 180 559
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>149 281 112</b>	<b>140 282 143</b>

Kostnader til husleige og til drift av eigedom og lokale går ned i 2016. Årsaka til det er avvikling av kontorstader som følgje av omstillinga innanfor lønns- og rekneskapstenesta.

I 2016 kjøpte vi ut leigeavtalane i lokala i Kristiansand og Hamar. Det utgjorde til saman 3,2 millionar kroner, som ikkje blei periodiserte utover 2016.

DFØ måtte i 2016 dekkje vår del av kostnader til større moderniseringar i skatte-etaten (SITS) sin datahall på Helsfyr. Derfor aukar kostnadene til leige av maskiner o.l. i 2016.

Kjøp av framande tenester har auka hovudsakleg fordi vi har brukt konsulentar i samband med utviklinga av publiseringsløyising for statsrekneskapen, vidareutvikling av webløyising på rekneskapsområdet og konseptutgreiing i samband med automatisering av avstemming.

<b>Oversikt over årlege leigebeløp i samsvar med leigeavtalar*</b>	<b>Avtalar på mellom eitt og fem år</b>	<b>Avtalar over fem år</b>	<b>Sum</b>
Husleigeavtalar inkl. felleskostnader	8 668 000	25 108 000	33 776 000
Leigeavtalar knytte til immaterielle eigedelar**	8 160 000		8 160 000
Leigeavtalar knytte til varige driftsmidlar***	256 000		256 000
<b>Sum leigeavtalar</b>			<b>42 192 000</b>

\* Berre vesentlege leigeavtalar er spesifiserte.

\*\* Vedlikehalds- og supportavtalar på IT-system

\*\*\* Kaffimaskiner og skrivarar

<b>Note 6 Finansinntekter og finanskostnader</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
<b>Finansinntekter</b>		
Valutagevinst (agio)	802	3 658
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>802</b>	<b>3 658</b>
<b>Finanskostnader</b>		
Rentekostnad	6 598	602 064
Valutatap (disagio)	886	1 120
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>7 483</b>	<b>603 184</b>

Rentekostnadene i 2015 skriv seg frå forseinka remittering av skatt sjette termin 2014 for to verksemdar.

**Note 7A Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen  
(bruttobudsjetterte verksemder)**

**A) Avrekna med statskassen**

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>	<b>Endring</b>
<b>Immaterielle egedelar, varige driftsmidlar og finansiering av desse</b>			
Immaterielle egedelar	149 383 634	150 811 907	-1 428 273
Varige driftsmidlar	19 614 168	26 384 373	-6 770 206
Statleg finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar	-168 997 802	-177 196 281	8 198 479
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kundefordringar	1 128 780	61 763	1 067 017
Andre fordringar	20 865 352	17 543 128	3 322 224
<b>Sum</b>	<b>21 994 132</b>	<b>17 604 891</b>	<b>4 389 241</b>
<b>Langsiktige plikter og gjeld</b>			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-3 235 446	-1 538 380	-1 697 066
Skyldig skattetrekk	-10 444 457	-8 914 668	-1 529 789
Skyldige offentlige avgifter	-5 376 866	-4 529 342	-847 524
Avsette feriepengar	-24 415 340	-21 914 398	-2 500 942
Anna kortsiktig gjeld	-13 477 068	-10 577 631	-2 899 437
<b>Sum</b>	<b>-56 949 177</b>	<b>-47 474 418</b>	<b>-9 474 759</b>
<b>Avrekna med statskassen*</b>	<b>-34 955 045</b>	<b>-29 869 527</b>	<b>-5 085 518</b>

**Avstemming av endring i avrekna med statskassen (kongruensavvik)**

Konsernkonto utbetaling	-431 038 623
Konsernkonto innbetaling	88 861 219
<i>Netto trekk konsernkonto</i>	-342 177 404
+ Inntektsført fra løyving (underkonto 1991 og 1992)	344 431 678
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-30 008 961
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	31 694 361
Korrigering av avsetjing for feriepengar (tilsette som går over i anna statleg stilling)	1 145 844
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>	5 085 518
<b>Sum endring i avrekna med statskassen*</b>	<b>5 085 518</b>

**Note 7B Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemder)**

**B) Forskjellen mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen**

	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2016</b>	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Forskjell
<b>Immaterielle egedelar, varige drifts- midlar og finansiering av desse</b>			
Immaterielle egedelar	149 383 634		149 383 634
Varige driftsmidlar	19 614 168		19 614 168
Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar	-168 997 802		-168 997 802
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kundefordringar	1 128 780	0	1 128 780
Andre fordringar	20 865 352	193 556	20 671 795
<b>Sum</b>	<b>21 994 132</b>	<b>193 556</b>	<b>21 800 576</b>
<b>Langsiktige plikter og gjeld</b>			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-3 235 446	0	-3 235 446
Skyldig skattetrekk	-10 444 457	-10 444 457	0
Skyldige offentlege avgifter	-5 376 866	18 271	-5 395 137
Avsatte feriepengar	-24 415 340	0	-24 415 340
Annen kortsiktig gjeld	-13 477 068	16 390	-13 493 458
<i>Sum</i>	-56 949 177	-10 409 796	-46 539 381
<b>Sum</b>	<b>-34 955 045</b>	<b>-10 216 240</b>	<b>-24 738 805</b>

Mellomvære med statskassen består av tidavgrensingspostar som er rapporterte til statsrekneskapen (S-rapport).

Avrekning med statskassen inneheld mellomvære med statskassen, men òg fleire tidsavgrensingspostar enn det som er rapportert til statsrekneskapen.

<b>Note 12 Kundefordringar</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Kundefordringar til pålydende	1 128 780	61 763
<b>Sum kundefordringar</b>	<b>1 128 780</b>	<b>61 763</b>

Frå 2016 fakturerer DFØ kundar som tidlegare har avgitt belastingsfullmakt. Éin faktura med forfall 2016 er betalt i 2017. DFØ har statlege verksemder som kundar, og erfaringa viser at alle fakturaer blir betalte. Derfor set vi ikkje av for venta tap.

<b>Note 14 Andre kortsiktige fordringar</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2015</b>
Forskotsbetalt lønn	9 995	0
Personallån*	183 561	196 713
Forskotsbetalt leige**	18 111 893	16 897 008
Andre fordringar***	2 559 902	449 407
<b>Sum andre kortsiktige fordringar</b>	<b>20 865 352</b>	<b>17 543 128</b>
*Personallån	5	7

\*\*Forskotsbetalte kostnader består av husleige, lisensar og vedlikehald av programvare. Auken kjem av at vi har utvida lokala etter at vi tok over rekneskaps- og lønnstenester frå DSS

\*\*\*Andre fordringar består av uteståande refusjonskrav til NAV.


Endringa kjem av at vi frå 2016 har bokført påkomne NAV-refusjonar kvar månad for å få ein meir korrekt rekneskap.

<b>Note 16 Anna kortsiktig gjeld</b>		
	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2017</b>
Skyldig lønn	-16 390	-36 252
Annen gjeld til tilsette*	12 779 058	9 379 085
Påkomne kostnader / forskotsbetalt inntekt**	714 400	1 252 116
Anna kortsiktig gjeld	0	-17 317
<b>Sum anna kortsiktig gjeld</b>	<b>13 477 068</b>	<b>10 577 631</b>

\*Anna gjeld til tilsette består av avsetjing for fleksitid, reisetid og overtid.

Meir fleksitid, overtid og uavvikla ferie kjem av overtakinga av DSS.

\*\*Påkomne kostnader består av avsetjing for utført arbeid der fakturaen ikkje er motteken. Forskotsbetalt inntekt gjeld lisensar i lønssystemet.



Direktoratet for økonomistyring har  
utarbeida vegleiingsmateriall for  
utarbeiding av årsrapport for statlege  
verksemdar.

Les meir på [www.dfo.no/aarsrapport](http://www.dfo.no/aarsrapport)